

Øystre Slidre kommune



ÅRSMELDING 2018

INNHOLD

1.	RESULTAT OG UTVIKLING I 2018.....	7
1.1.	Utvikling i lokalsamfunnet.....	7
1.2.	Økonomisk resultat i Øystre Slidre kommune.....	9
1.3.	Utsikter for 2019.....	9
1.4.	Særlege mål og prioriteringar i 2019 til 2026.....	9
1.4.1.	Overordna mål.....	9
1.4.2.	Øystre Slidre kommune – fokusområde og utfordringar.....	10
2.	ÅRSMELDING JF. KOMMUNELOVA § 48 OG REGNSKAPSFORSKRIFTA § 10.....	11
2.1.	Økonomiske nøkkeltal.....	11
2.2.	Driftsrekneskapen	11
2.2.1.	Handlingsregel om god økonomistyring.....	11
2.2.2.	Driftsinntekter	11
2.2.3.	Driftsutgifter	12
2.3.	Budsjettavvik.....	12
2.4.	Kommentarar til budsjettavvik per verksemd.....	13
2.4.1.	Politisk leiing	13
2.4.2.	Administrativ leiing og administrasjon.....	14
2.4.3.	Opplæring og kultur – adm	14
2.4.4.	Grunnskulen	15
2.4.5.	Barnehagar	15
2.4.6.	Kultur.....	15
2.4.7.	Flyktningtenester.....	15
2.4.8.	Helsetenesta	16
2.4.9.	Sosiale tenester.....	16
2.4.10.	Institusjon og heimebaserte tenester - IHT	17
2.4.11.	Miljøtenesta	17
2.4.12.	Tekniske tenester	17
2.4.13.	Næring og byggesak	18
2.5.	Investeringsrekneskapen 2018.....	19
2.6.	Balanse – fond – soliditet	21
2.6.1.	Nøkkeltal balanse.....	21
2.6.2.	Kommentar til lånegjeld	23
2.6.3.	Balanserekneskap.....	24
2.7.	Oppsummering	25

3.	ORGANISASJON.....	26
3.1.	Rekruttering	26
3.2.	Sjukefråvær.....	26
3.3.	Uføreandel	28
3.4.	Lokale lønnsforhandlingar	28
3.5.	Likestilling	28
3.6.	Arbeidstid/deltid	30
3.7.	Etisk standard	31
3.8.	Lønnsrekneskapen.....	31
3.9.	Premieavviket	31
4.	INTERKOMMUNALT SAMARBEID - VERTSKommunesamarbeid	33
5.	ADMINISTRATIV LEIING	34
5.1.	Oversikt over tilsyn i 2017 – 2018	34
5.2.	Beredskap.....	34
6.	STABEN	35
6.1.	Viktige saker og hendingar i 2018	35
6.2.	Mål og måloppnåing.....	35
6.3.	Informasjon, arkiv, sentralbord, postmottak.....	35
6.4.	Rekneskapsavdeling	36
6.5.	Løns- og personalavdeling	36
6.6.	Bevillingssaker m.m.	37
7.	PLANAVDELINGA	38
8.	OPPLÆRING OG KULTUR	40
8.1.	Grunnskulen.....	40
8.1.1.	Mål	40
8.1.2.	Målloppnåing.....	40
8.1.3.	Tiltak i 2018 for å oppnå mål	44
8.1.4.	Elevtal og prognosar.....	44
8.1.5.	Arbeidet i skulane.....	44
8.2.	Barnehagar	45
8.2.1.	Mål	45
8.2.2.	Målloppnåing.....	45
8.2.3.	Tiltak i 2018 for å oppnå mål	45
8.2.4.	Tenester og oppgåver i tenesteområdet	45
8.2.5.	Arbeidet i barnehagane	46
8.2.6.	Privat barnehage	46

8.3.	Kultur	46
8.3.1.	Viktige saker i 2018	46
8.3.2.	Mål og måloppnåing	46
8.3.3.	Om dei ulike områda	47
8.3.4.	Oppsummering	49
8.4.	Flyktningtenesta	49
8.4.1.	Mål	49
8.4.2.	Målloppnåing	49
8.4.3.	Tiltak for å nå måla	49
8.4.4.	Tenester og oppgåver i tenesta	50
9.	HELSE OG OMSORG	51
9.1.	Mål	51
9.2.	Verksemldene	51
9.2.1.	Miljøtenesta	51
9.2.2.	IHT - Institusjon og heimebaserte tenester	52
9.2.3.	Helseavdelinga	53
9.3.	Utfordringar i området for helse og omsorg	55
9.4.	Folkehelseprofilen 2019	56
10.	TEKNISKE TENESTER	57
10.1.	Viktige saker og hendingar i 2018	57
10.2.	Mål og måloppnåing	57
10.3.	Kommunale eigedomar	57
10.4.	Reinhaldstenesta	58
10.5.	Kommunale vegar	58
10.6.	Vatn og avlaup	59
10.7.	Investeringsprosjekt/utbyggingar i 2018	60
10.7.1.	Utbyggingar på VA	60
11.	NÆRING OG BYGGESAK	62
11.1.	Generelt om avdelinga og hendingar i 2018	62
11.2.	Byggesak	63
11.3.	Kart og oppmåling	64
11.4.	Jordbruk	65
11.5.	Skogbruk	69
11.6.	Viltforvaltning	70
12.	KRAFTFORVALTNING	72
13.	FINANSFORVALTNING	73

14.	ÅRSMELDING FOR OMSORGSFONDET 2018	74
15.	VALDRES-GIS – VERTSKOMMUNE VANG KOMMUNE	75
15.1.1.	Heilstakleg vurdering	75
15.1.2.	Sentrale hendingar og aktivitetar	75
15.1.3.	Resultat og avvik	76
15.1.4.	Utfordringar og strategiar framover.....	76
16.	INNKJØP - VERTSKOMMUNE SØR-AURDAL KOMMUNE.....	78
16.1.	Helhetsvurdering	78
16.2.	Sentrale hendelser og aktiviteter	78
16.3.	Resultat og avvik.....	79
17.	FORSIKRINGSORDNINGEN FOR KOMMUNENE I VALDRES (FOKVA)	80
17.1.	Helhetsvurdering	80
17.2.	Sentrale hendelser og aktiviteter	80
17.3.	Resultat og avvik.....	81
18.	INTERKOMMUNALE TENESTER – VERTSKOMMUNE NORD-AURDAL	83
18.1.	Skatteoppkreveren for Valdres	83
18.1.1.	Helhetsvurdering	83
18.1.2.	Sentrale hendelser og aktiviteter	83
18.1.3.	Resultater og avvik	83
18.1.4.	Økonomi.....	84
18.1.5.	Utfordringer og strategier fremover.....	84
18.2.	Pedagogisk – psykologisk tjeneste i Valdres (PPTV)	84
18.2.1.	Helhetsvurdering	84
18.2.2.	Sentrale hendelser og aktiviteter	85
18.2.3.	Resultat og avvik	86
18.2.4.	Økonomi.....	88
18.2.5.	Utfordringer og strategier framover.....	88
18.3.	Interkommunal barneverntjeneste i Valdres	89
18.3.1.	Helhetsvurdering	89
18.3.2.	Sentrale hendelser og aktiviteter	89
18.3.3.	Resultat og avvik	90
18.3.4.	Økonomi.....	91
18.3.5.	Utfordringer og strategier framover.....	93
18.4.	Valdres lokalmedisinske senter	94
18.4.1.	Helhetsvurdering	94
18.4.2.	Aktiviteter, resultater og avvik.....	96

18.4.3.	Økonomi.....	98
18.4.4.	Sykehushuset Innlandet	101
18.4.5.	Utfordringer og strategier framover.....	102
18.5.	NAV Valdres	103
18.5.1.	Helhetsvurdering	103
18.5.2.	Sentrale hendelser og aktiviteter	103
18.5.3.	Resultater og avvik	104
18.5.4.	Økonomi.....	105
18.5.5.	Utfordringer og strategier framover.....	107
19.	FOLKEHELSEPROFILEN 2019.....	109

Helsing frå avtroppande rådmann

Tolv år i Øystre Slidre kommune er over. Ein stor del av eit arbeidsliv og ein leiars livsverk. På desse åra har kommunens anleggsmidlar i form av hus, vegar og nedgrave infrastruktur endra seg. Øystre Slidre kommune har i dag gode lokale for tilsette og brukarar. I løpet av kort tid er både ungdomssatsinga rundt Tingvang og bygginga av Øystre Slidre helsetun ferdigstilt. I både prosjekta ligg det store mogelegheiter for både tilsette og brukarar.

Som leiar har det vore eit vesentleg mål at kommunens tilsette har hatt og ville ha utvikling. Resultatet har vore ei sann glede.

Stor takk til framsynte politikarar og målretta politisk leiing, til kollegaer i nabokommunane, men aller mest tusen takk til kommunale verksemder, leiargruppa og arbeidskollegaene på Tingvang.

Takk for meg og lukke til vidare på reisa!

Øivind Langseth

1. Resultat og utvikling i 2018

1.1. Utvikling i lokalsamfunnet

Øystre Slidre kommune har lagt nok et stabilt år bak seg.

Folketalet i Øystre Slidre viser nedgang etter mange år med svak vekst. Det er mindre innflytting, mindre utflytting og ikkje minst mindre barnefødslar.

Tabell 1-1 Folkemengd 31.12.2018 og endringar i 2018 (kjelde: SSB)

	Folketal 01.01.2018	Fødde	Døde	Inn-flytting frå Noreg	Inn-flytting frå utlandet	Ut-flytting i Noreg	Ut-flytting til utlandet	Folke- vekst	Folketal 31.12.2018
Øystre Slidre	3 221	20	33	101	29	120	13	-13	3 208
Sør-Aurdal	3 014	21	27	114	14	152	4	-33	2 981
Etnedal	1 352	9	22	36	3	71	2	-47	1 305
Nord-Aurdal	6 443	47	67	185	41	268	19	-25	6 418
Vestre Slidre	2 139	12	25	123	6	111	9	-4	2 135
Vang	1 601	17	13	64	72	88	3	9	1 610

Tabell 1-2 Bustadutviklinga

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Einebustadar	1 351	1 361	1 368	1 372	1 373	1 378	1 383	1 391
Byggeløyver	10	8	7	4	1	5	5	14

Tabell 1-3 Fritidsbustadutvikling. Fritidsbustader med fleire bueiningar (leilegheitsbygg m.m.) blir rekna som ei eining

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Tal fritidsbustadar	3 305	3 349	3 369	3 406	3 440	3 467	3 480	3 492
Igangsett	35	49	40	37	34	56	59	53

Primærnæringa i Øystre Slidre

Landbruket er framleis ei viktig næring i kommunen, og mange i næringa ser positivt på framtida, mykje takka vere gode prosessar basert på til dømes bygdeutviklingsmidlane i dei seinare årene. 2018 blei eit år prega av tørkesommaren, der spesielt fyrsteslåtten blei råka.

Det blir elles vist til omtala frå Nærings- og byggensak seinare i årsmeldinga.

Sysselsetting og yrkesliv i Øystre Slidre kommune

Det er 1 400 (mot 1 373 året før) arbeidsplasser i Øystre Slidre, medan 1 792 (1 772) av innbyggjarane i arbeid (differansen er netto pendling)

Det var 20 (24) arbeidsledige i Øystre Slidre kommune per 31.12.18.

Tabell 1-4 Næringsstruktur. Antall sysselsatte etter næringsområde. (Kjelde: www.kommuneprofilen.no)

	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Jordbruk, skogbruk, fiske	124	118	125	96	99	94	98	89	73	86
Bergverk og Utvinning	23	23	21	22	22	24	22	23	26	21
Industri	61	51	33	36	44	48	42	39	46	39
Elektrisitet, vann, renovasjon	9	11	11	11	10	9	10	10	6	10
Bygge og anleggsvirksomhet	183	172	182	202	192	188	179	170	175	182
Varehandel, motorvognreparasjon	160	162	158	164	163	170	150	155	165	161
Transport og lagring	27	26	25	24	29	26	30	30	31	34
Overnatting og servering	140	122	132	147	138	129	134	167	183	179
Informasjon og kommunikasjon	2	2	1	2	2	4	5	3	3	3
Finansiering og forsikring	13	14	17	14	14	14	13	9	6	5
Teknisk tjenesteyting, eiendomsdrift	72	71	71	64	59	67	71	62	47	50
Forretningsmessig tjenesteyting	40	46	50	46	64	69	62	68	69	71
Offentlig administrasjon, forsvar	72	66	62	59	65	57	61	51	56	58
Undervisning	70	74	69	75	79	76	79	81	89	95
Helse og sosialtjenester	324	304	324	334	338	341	346	344	344	348
Personlig tjenesteyting	71	64	70	66	54	46	48	35	37	41
Uoppgitt næring	10	13	12	7	8	13	22	16	17	17
I alt	1 401	1 339	1 363	1 369	1 380	1 375	1 372	1 352	1 373	1 400

Næringslivet i kommunen er stabilt over tid. Dei siste åra har det vore ei positiv utvikling innan varehandel og overnatting/servering, og nedgangen i bygg/anlegg er no snudd til auke.

Klima

Klimaendringar er ein av dei viktigaste utfordringane verda står overfor.

Kommunen sin energi- og klimaplan (2009-2013) har som visjon at:

Øystre Slidre kommune skal skape energi- og klimafokus for all verksemد og samfunnsutvikling.

Det har i perioden vorte etablert terminalar knytt til bioenergi i kommunen. Dette gjeld etableringar av fyringsterminalar basert på flisfyring på Beitostølen, og til Lidar og Rogne skular. Det vil bli etablert endå eit anlegg i når Øystre Slidre helsetun blir sett i drift i 2020.

Nye kommunale bygg i perioden er bygd med vassboren varme som er basert på energikjelder frå flis eller jordvarme.

Folkehelse

Folkehelsearbeidet er samfunnet sin samla innsats for å påverke faktorar som innverkar på folkehelsa. Folkehelse har vore eit satsingsområde i Øystre Slidre i mange år. I samband med krava i ny folkehelselov har kommunen søkt å integrere «folkehelse i alt vi gjer».

Folkehelseinstituttet utarbeider årlege folkehelseprofilar for kommunane, som viser eit uttrekk av folkehelsetrendar, og samanliknar desse med resten av landet.

Kommunebarometeret

Øystre Slidre kommune er på 34. plass i Kommunal Rapport si årlege kåring av landets beste kommunar i den endelige versjonen av «Kommunebarometeret 2018».

Kommunen har over lengre tid plassert seg godt i Kommunebarometeret.

1.2. Økonomisk resultat i Øystre Slidre kommune

Øystre Slidre kommune har i dei seinare år hatt relative gode økonomiske resultat. For 2018 er det eit netto driftsresultat på 21,6 mill. kr (4,2 mill. kr i 2017)

Kommunen sitt driftsresultat for 2018 er vurdert som godt sett i forhold til revidert budsjett på 4,2 mill. kr og opphaveleg budsjett på 4,0 mill. kr.

Rekneskapsmessig mindreforbruk er på 12,9 mill. kr (11,9 mill. kr i 2017).

1.3. Utsikter for 2019

Økonomiplanen for 2019-2022 viser som tidlegare planperiodar ein plan med mykje vilje til samfunns- og tenesteutvikling. Bygginga av Øystre Slidre helsetun med ei kostnadsramme på 285 mill. kr, er eit krafttak for kommunen.

Kraftinntektene har vore gode og er delvis prissikra for 2019.

Det er god kultur for kostnadsstyring i verksemndene, spesielt lønsområdet.

Innføring av egedomsskatt også på bustad- og fritidsbustader frå 2018, har gjeve kommunen eit heilt anna handlingsrom for nye tiltak og verdiskaping.

Øystre Slidre kommune er ein utkantkommune i fjellet med stabilitet i folketalet, vekst i sysselsetning og vekst i kommunale oppgåver. Dette er ikkje vanleg, denne kommunen er eit «særtilfelle».

Øystre Slidre kommune er ein robust vekstkommune, som vil kunne levere gode tenester over år. I høve til statlege rammevilkår er det etter rådmannen sitt syn svært viktig å vere offensiv, bruke mulighetene til å påverke før avgjerder blir tekne, og så raskt som mogleg tilpasse organiseringa opp mot finansieringa.

1.4. Særlege mål og prioriteringar i 2019 til 2026

Kommunestyret gjorde i sak 4/17 vedtak om kommunal planstrategi 2016-2020 basert på vedtekne hovudmål i kommuneplanens samfunnsdel 2016-2026 vedteke i sak 042/14.

1.4.1. Overordna mål

Øystre Slidre kommune skal:

- vere landets beste bu- og besøkskommune, og vere blant dei beste 10 % av kommunane i landet i kommunebarometeret på kommunale tenester.
- vere den beste Opplandskommunen på næringsutvikling og nyskaping målt i nye bedrifter pr. innbyggjar.

- vere ein pådriver i regionalt samarbeid, til beste for innbyggjarane og for gjester i kommunen.
- stå fram som eit attraktivt reisemål, og ein god handels- og møteplass.
- heile tida vere ei av Noregs viktigaste kunnskapsbygder, både på kommunalt og privat nivå.

1.4.2. Øystre Slidre kommune – fokusområde og utfordringar

Kommunen er den fundamentale byggesteinen i det norske velferdssamfunnet. Den viktigaste grunnpilaren er ikkje mellombelse incentiv frå skiftande regjeringar, men at Øystre Slidre kommune ser moglegheiter for å levere betre tenester for mindre pengar. I det lange perspektivet vil kommunar kunne oppleve eit kollaps viss evna og vilja til nytenking uteblir.

Framtidas bærekraftige kommunar skal:

- Gje mogelegheiter til alle i ein skulesituasjon
- Gje helse- og omsorgstenester i spenningsfeltet mellom økt forventing, økt behov og mindre rammer
- Bidra til eit lokalsamfunn med sterke sosiale sikkerheitsnett, der foreldre, kommune, system og kultur er viktige parameter
- Skape auka verdiskapning både i privat og offentleg sektor, og skape vekst i sysselsettinga i ein arbeidsmarknad der det er og blir kamp om arbeidskrafta.

Vår kommune, som har god driftsøkonomi og solide resvarar, har alle føresetnader til fortsatt å levere tenester med god kvalitet og ha fornøgde medarbeidarar i utvikling. Dette krev at kommunen sine vedtaksmyndigheiter har fokus på rasjonell drift og på rett kvalitet.

Kommunen sine utfordringar:

- Skule
 - To barneskular og fødselstal dei siste åra som er for små
- Barnehage
 - Fire barnehagar med stor overkapasitet (60-80 plassar)
- Infrastruktur
 - For få innbyggjarar har fiber
 - Behovet for brannvatn i sentrum av kommunen er stort
 - Etterspørselet etter vatn og avlaup i bygd og fjell er større enn tilbodet
- Interkommunale tenester og selskap
 - Det er blitt stor kulturforskjell mellom kommunen og enkelte av kommunen sine tenesteleverandørar
 - Ta vare på opparbeida verdiar til beste for kommunen som deleigar
- Pleie og omsorg
 - Ansvarsfordelinga mellom statleg og kommunalt nivå er i flyt og utan kommunal styring
- Arbeidskraft
 - Yngre arbeidstakrar sokjer breitt miljø og «gruppeansvar»
 - I kommunen er det mange arbeidsplassar. Kommunen si utfordring er å få fleire arbeidstakrar til å busette seg i staden for å reise vidare.

2. Årsmelding jf. kommunelova § 48 og regnskapsforskrifta § 10

Alle kommunar skal utabeide årsmelding, jamfør kommunelova § 48 nr 5 og regnskapsforskrifta § 10. I dette kapittelet blir det framstilt nøkkeltal og kommentert budsjettavvik og vesentlege forhold i driftsrekneskapen, investeringsrekneskapen og balansen.

2.1. Økonomiske nøkkeltal

Årsrekneskapen for Øystre Slidre kommune for 2018 viser eit netto driftsresultat på 21,6 mill. kr, som utgjer 6,5 % av driftsinntektene. Disposisjonsfondet er på 67,8 mill. før disponering av årets regnskapsmessige mindreforbruk på 12,9 mill. kr. Dette er godt innanfor resultatmåla fastsett i handlingsregelen.

2.2. Driftsrekneskapen

Tabell 2-1 Nøkkeltal driftsrekneskapen (beløp i 1000. kr)

	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Rekneskap 2017	Rekneskap 2016
Brutto driftsinntekter	333 011	303 014	298 949	290 345
Brutto driftsutgifter	320 518	289 231	305 242	290 080
Brutto driftsresultat	12 483	13 783	-6 293	265
Netto finans	-9 357	-10 185	-6 703	-6 624
Motpost avskrivningar	18 450	0	17 138	16 462
Netto driftsresultat	21 575	3 598	4 142	10 103
Netto bruk av fond	-8 683	-3 598	7 774	328
Rekneskapsmessig mindreforbruk	12 892	0	11 916	10 431

2.2.1. Handlingsregel om god økonomistyring

I kommunestyresak 53/13 vedtok kommunen ein handlingsregel om god økonomistyring. Det vart fastsett resultatmål for følgjande nøkkeltal:

- Netto driftsresultat 3,0 %
- Disposisjonsfond 17,5 %
- Lånegjeld 40,0 % (under føresetnad av 100 % inndekning innan sjølvkostområde VA)

Grunnlaget for berekning er andel av brutto driftsinntekter i sist avgjorte rekneskapsår eks. inntekter frå sjølvkostområda.

Basis (driftsinntekter) for utrekning av resultatmål for 2018 er årsrekneskapen for 2017.

Tabell 2-2 Handlingsregelen

	Rekneskap 2018	Rekneskap 2017	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015
Netto driftsresultat mål 3 %	5,5 %	1,4 %	3,6 %	3,0 %
Lånegrad mål 40 % (eks VA-lån)	24 %	40 %	25,0 %	31,5 %
Disposisjonsfond mål 17,5 %	19,8 %	21,9 %	27,0 %	29,2 %

2.2.2. Driftsinntekter

Rekneskapen for 2018 viser samla brutto driftsinntekter på 333 mill. kr. Dette er ei auke på 34,1 mill. (11,4 %) frå 2017.

- Rammetilskott og skatteinntekter eks. naturressurskatt utgjer 192,7 mill. kr (57,9 % av driftsinntektene), ei auke frå 2017 med 4,2 mill. kr. Dette er 0,9 mill. kr over justert budsjett.
- Driftsinntekter frå kraftsektoren utgjorde 27,8 mill. Dette var ei auke på 8,3 mill. kr mot 2017. Desse inntektene utgjer 8,3 % av brutto driftsinntekter.
- Inntekter frå eigedomsskatt vart 21 mill. kr, som utgjorde 6,3 % av driftsinntektene.
- Andre inntekter utgjorde 91,5 mill. kr (27,5 % av inntektene).

2.2.3. Driftsutgifter

Brutto driftsutgifter for 2018 utgjorde 320,5 mill. kr, ei auke med 15,3 mill. (5,0 %) frå 2017.

- Brutto løns- og personalutgifter på 180,2 mill. kr utgjorde 56,2 % av driftsutgiftene
- Kjøp frå andre kommunar utgjorde 28,8 mill. kr i 2018 som er 8,8 % av brutto driftsutgifter
- Kjøp av tenester/overføringer til IKS i 2018 var på 22,9 mill. kr som utgjorde 7,1 % av brutto driftsutgifter
 - Av dette utgjorde innkravde gebyr som er overført til VKR 15,8 mill. kr
- Andre utgifter utgjorde 88,6 mill. (27,6 % av brutto driftsutgifter)


2.3. Budsjettavvik

Nedanfor er dei vesentlege budsjettavvika for 2018 omtala. Det blir elles vist til kommentarar i kapitla frå dei enkelte verksemndene seinare i årsmeldinga.

Rekneskapen for 2018 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på 12 891 942 kr og eit netto driftsresultat på 21 575 031 kr. I beløpet på 21,5 mill. inngår ekstraordinære gavemidler på 6,3 mill. kr, som er avsett på bundne driftsfond.

Tabell 2-3 Bakgrunn for rekneskapsmessig mindreforbruk i kr

Område med vesentleg avvik	Netto	Forklaring på avvik
Flyktningstenesta	2 667 012	Mindre aktivitet og meir inntekter enn budsjett
Kulturarvelding	594 784	Meirinntekter og mindre utg. til tilskott til org. og i drift
Kommuale bygg vedlh	1 056 400	Vesentleg del av rehab. ØSUS er ført i invest.rekneskapen
Stab - samla	524 952	Netto mindreutgifter
Nærings og byggesak avd samla	2 943 397	I hovudsak på grunn av meirinntekter
Kraftforvaltinga	2 797 824	I hovudsak på grunn av meirinntekter
Netto renteutgifter - / renteinntekter	2 264 127	Mindreutg til renteutg og meirinntekter av renteinntekter
Skatt og rammetilskott	3 917 555	Meirinntekter
Andre forhold netto	-33 375	Summen av andre meirinntekter og mindreforbruk i drift
Netto meirugiffter barnevern	-3 840 734	
Sum	12 891 942	

Figur 2-1 Netto utgifter per verksemd samanlikna med budsjett 2018

2.4. Kommentarar til budsjettavvik per verksemd

Driftsresultatet for 2018 er prega av god konstnadsstyring sett opp mot budsjetttramme for 2018, i tillegg til gode kraft- og skatteinntekter mm.

2.4.1. Politisk leiing

For 2018 vart det ei mindreutgift på 384 000 kr på dette området, som i hovudsak kan forklarast med mindre bruk av reserverte løyvingar i formannskapet og mindre utgifter til møtegodtgjering enn budsjettert i 2018. Utgifter til kontrollutvalet vart på 103 000 kr.

Tabell 2-4 Politisk leiing og kontrollorgan

100 POLITISK LEIING OG KONTROLLORGAN	Regnskap	Buds(end)	Avvik	Regnskap
	2018	2018		2017
KOMMUNESTYRE/FORMANNSKAP	1 796	2 353	-557	1 998
VALAVVIKLING	6	-	6	67
STØTTE TIL POLITISKE PARTI	47	47	-	47
ELDRERÅDET	51	57	-6	23
Kontrollutvalet	103	-	103	-
KULTURAKTIVITETAR	12	20	-8	-
SAKKYNDIG TAKSTNEMND	83	5	78	143
SAKKYNDIG KLAGENEMND-OVERTAKSTNEMND	1	-	1	-
Sum 100 POLITISK LEIING OG KONTROLLORGAN	2 098	2 482	-384	2 279

2.4.2. Administrativ leiing og administrasjon

Rekneskapen for 2018 viser samla mindreutgifter for administrativ leiing, plan og stabsfunksjoner i kommunen på 36 000 kr:

- **Rådmannskontoret:** meirutgifter på 1,4 mill. kr på grunn av meirutgifter relatert til kurs og møte samt lisensutgifter på 369 000 kr. Inngått pensjonsavtale med rådmann er periodisert som utgift i 2018 og bidreg til meirutgift på rådmannskontoret i 2018.
- **Beredskap:** mindreutgift på 183 000 kr
- **Stab:** mindreutgifter på 1,3 mill. kr i hovudsak på grunn av mindre lønsutgifter og meir inntekter i samband av sal av rekneskapstenester
- **Planavdelinga:** mindre lønsutgifter, i tillegg til bokføring av refusjon frå tidlegare år relatert til utbyggingsavtale

Tabell 2-5 Administrativ leiing og administrasjon

Rådmann, plan og stabsfunksjoner	Regnskap	Buds(end)	Avvik	Regnskap
	2018	2018		2017
RÅDMANNSKONTORET	3 503	2 301	1 202	2 039
DIVERSE FELLESTENESTER	1 215	846	369	990
EIGEDOMSSKATT - ADM	433	484	-51	1 848
KONTROLL / REVISJON	490	650	-160	286
Rådmannskontoret	5 640	4 281	1 360	5 164
113 BEREDSKAP	339	522	-183	314
120 SENTRALBORD, POST/ARKIV, INFO., FELLESTENESTER	3 358	3 282	76	2 540
125 REGNSKAPS ADELING	1 611	2 136	-525	1 400
126 LØNNS- OG PERSONALAVDELING	2 429	2 370	59	2 045
127 BEVILLINGSSAKER OG RETTSPLEIE	-193	-195	2	-160
128 PERSONVERNOMBUD mm	375	472	-97	-
150 PLAN OG AREAL	1 764	2 420	-656	2 968
Sum Plan og Stabsfunksjoner	9 683	11 007	-1 324	9 107
T O T A L T	15 324	15 288	36	14 271

2.4.3. Opplæring og kultur – adm

- Det vart blant anna mindre utgifter i PP-teneste og lærlingeverksemnda i 2018, ved sidan av mindre utgifter knytt til administrasjon av området (til saman 112 000 kr).

Tabell 2-6 Opplæring og kultur – felles

KOMMUNELEIAR OPPLÆRING OG KULTUR	Regnskap	Buds(end)	Avvik	Regnskap
	2018	2018		2017
SEKTORADMINISTRASJON	1 212	1 276	-64	1 176
PP TENESTE INTERKOM	1 407	1 430	-23	1 301
LÆRLINGEVERKSEMDA	566	610	-44	386
BHSS - SKULEAVD.	-274	-293	19	-334
T O T A L T	2 911	3 023	-112	2 529

2.4.4. Grunnskulen

Samla viser rekneskapen for skulane eit mindreforbruk på 1,9 mill. kr som i hovudsak kan skuldast mindre IKT-utgifter og skyssutgifter enn budsjettet i 2018. Det er til dels store avvik på einskildskular, då lønsutgiftene er fordelt noko annleis enn budsjettet mellom skulane.

Tabell 2-7 Grunnskulen

Grunnskulen	Regnskap	Buds(end)	Avvik	Regnskap
	2018	2018		2017
GRUNNSKULEN FELLES	1 625	2 555	-930	1 073
ØSUS	15 168	14 588	580	13 610
ROGNE SKULE	13 062	12 753	309	11 367
LIDAR SKULE	12 795	14 654	-1 859	12 771
T O T A L T	42 650	44 550	-1 900	38 822

2.4.5. Barnehagar

Samla hadde barnehagane eit netto meirforbruk på 1,1 mill. kr.

Drifta i Rogne og Beito viser netto meirutgifter på høvesvis 681 000 kr og 249 000 kr, mellom anna på grunn av høgare bemanning og høgare barnetal enn føresett i budsjettet. Utgiftene til tilskott til privat barnehage vart 247 000 høgare enn budsjettet for 2018.

Tabell 2-8 Barnehagar

Barnehager	Regnskap	Buds(end)	Avvik	Regnskap
	2018	2018		2017
BARNEHAGAR FELLES	3 349	3 102	247	3 308
TINGVANG BARNEHAGE	4 332	4 425	-93	4 112
ROGNE BARNEHAGE	7 070	6 389	681	5 845
BEITO BARNEHAGE	4 447	4 198	249	3 955
Sum barnehager	19 197	18 114	1 083	17 220

2.4.6. Kultur

Samla innan avdelinga vart det 595 000 kr i mindreutgifter grunna mindre overføring av tilskott til anlegg innan kultur/idrett og meirinntekter ved sal av tenester enn føresett i budsjettet.

Tabell 2-9 Kultur

KULTURAVDELINGA	Regnskap	Buds(end)	Avvik	Regnskap
	2018	2018		2017
KULTURSKULEN	2 045	2 128	-83	1 965
KULTURADM - TILSKOTT	5 569	6 014	-445	5 626
FRIVILLIGHETSENTRALEN	597	620	-23	584
BIBLIOTEK	1 287	1 331	-44	1 262
T O T A L T	9 498	10 093	-595	9 437

2.4.7. Flyktningtenester

Det ikkje busett nye flykningar i 2018.

Området går ut med eit netto mindreforbruk på 2 667 000 kr på grunn av meirinntekter knytt til integreringstilskott frå IMDI og mindre utgifter i drift og tiltak i verksemda i forhold til budsjett.

Tabell 2-10 Flyktningtenesta

280 FLYKTNINGETENESTER - netto	Regnskap	Buds(end)	Avvik	Regnskap
	2018	2018		2017
SKULESKYSS	218	250	-32	73
GENERELLE TENESTER	454	773	-319	647
INTEGRERING	525	944	-419	987
INTRODUKSJONS PROGRAM	1 480	2 254	-774	4 900
FLYKTNINGEBUSTADER	61	199	-138	281
TENESTER I SKULA	-	320	-320	323
TENESTER I BARNEHAGEN	-	320	-320	320
INTEGRERINGSTILSKOTT - IMDI	-7 555	-7 211	-344	-10 461
Sum FLYKTNINGETENESTER	-4 818	-2 151	-2 667	-2 931

2.4.8. Helsetenesta

Innan helseavdelinga vart det eit netto mindreforbruk på 271 000 kr.

Meirutgifter innan administrasjon gjeld utgifter til krisesenter på Ringerike. Mindreutgifter innan psykisk helseavd. er relatert til mindreutgifter på lønsområdet.

Tabell 2-11 Helsetenesta

Helseavdeling	Regnskap	Buds(end)	Avvik	Regnskap
	2018	2018		2017
HELSEAVDELING - ADM	752	455	297	698
KOMMUNELEGE	7 018	7 005	13	6 748
FYSIOTERAPI	1 013	1 148	-135	1 151
HELSESTASJON	1 651	1 818	-167	1 669
FRISKLIVSSENTRALEN	357	400	-43	349
FOLKEHELSE	281	262	19	229
PSYKISK HELSETENESTE	2 307	2 558	-250	2 273
ARBEID AKTIVITET	3 075	3 080	-5	2 793
T O T A L T	16 454	16 726	-271	15 909

2.4.9. Sosiale tenester

Nav

På Nav-området viser rekneskapen eit netto meirforbruk på 397 000 kr som i hovudsak har bakgrunn i meir utgifter innan kvalifiseringsprogrammet enn føresett i budsjettet.

Barnevern

Meirutgifter på 3,8 mill. kr er fordelt på 397 000 kr til barneverntenesta og 3,4 mill. kr til særskilde tiltak i 2018.

Tabell 2-12 Sosiale tenester

Sosiale tenester	Regnskap	Buds(end)	Avvik	Regnskap
	2018	2018		2017
NAV	6 607	6 210	397	5 907
BARNEVERN	7 279	3 835	3 444	5 586
T O T A L T	13 886	10 045	3 841	11 493

2.4.10. Institusjon og heimebaserte tenester - IHT

Samla for IHT vart det mindreforbruk 1,2 mill. kr innan IHT, grunna sers god styring på utgiftssida og større inntekter på refusjonar enn føresett.

Tabell 2-13 IHT

IHT	Regnskap	Buds(end)	Avvik	Regnskap
	2018	2018		2017
FELLES IHT	2 211	872	1 339	1 871
SJUKEHEIMEN	23 848	25 647	-1 799	24 666
HEIMETENESTA - FELLES	18 059	18 786	-727	17 908
TOTALT	44 118	45 305	-1 187	44 445

2.4.11. Miljøtenesta

Miljøtenesta hadde eit netto mindreforbruk på 218 000 kr på grunn av redusert tenesteomfang.

Tabell 2-14 Miljøtenesta

Miljøtenesta	Regnskap	Buds(end)	Avvik	Regnskap
	2018	2018		2017
MILJØARBEIDER PU BOLIG	12 861	13 079	-218	12 474
TOTALT	12 861	13 079	-218	12 474

2.4.12. Tekniske tenester

Drifta innan tekniske tenester gjekk samla ut med eit netto overforbruk på 375 000 kr i 2018:

- Kommunale bygg vedlikehald og reinhald** viser netto mindreforbruk på 1,6 mill. kr, i hovudsak fordi utgifter til rehabilitering av ØSUS er ført som investeringsutgifter i større grad enn føresett i budsjettet. I tillegg reduserte kommunen vedlikehaldsutgiftene på bygg for å kompensere for meirutgifter til brøyting.
- Eigedom og veg** viser netto meirforbruk på 1,5 mill. kr grunna mindre husleigeinntekter på 928 000 kr medan det vart 447 000 kr i større utgifter til leige av bustader i 2018 i forhold til budsjett. Det var mindre avvik på dei andre postane innan avdelinga.
- Vatn og avløp** hadde meirutgifter til vatn og mindreutgifter på avløp med høvesvis 625 000 kr og 883 000 kr. Dette grunna endringar i kapitalkostnader i forhold til budsjett. Dette gjev bedring av netto driftsresultat.
- Brann- og feiarvesen:** netto overforbruk på 683 000 kr har i hovudsak bakgrunn i meirutgifter i Valdres brann- og redningstjeneste IKS i 2018, men også fordi lønn for utrykninga i desember -17 vart utbetalt i desember (var ikkje budsjettert).

Tabell 2-15 Tekniske tenester

Tekniske tenester	Regnskap	Buds(end)	Avvik	Regnskap
	2018	2018		2017
TEKNISKE TENESTER FELLES	939	875	64	896
KOMMUNALE BYGG OG REINHALD	17 370	18 938	-1 568	20 169
EIGEDOM OG VEG	2 062	608	1 454	989
VATN	-2 978	-3 603	625	-2 078
AVLØP	-4 463	-3 580	-883	-3 321
BRANN OG FEIERVESEN	5 183	4 500	683	4 051
TOTALT	18 113	17 738	375	20 706

2.4.13. Næring og byggesak

Samla gjekk området med 2,9 mill. kr i netto mindreforbruk i 2018, som i hovudsak skuldast netto meirinntekter på byggesaksgebyr på 1 mill. kr og mindreforbruk innan næringsavd. på 1,3 mill. kr.

Av 12 mill. kr avsett til næringsutvikling av eigedomsskatten i 2018 er det brukt 9,7 mill. kr (sjå Tabell 2-18).

Tabell 2-16 Næring og byggesak

Næring Byggesak	Regnskap	Buds(end)	Avvik	Regnskap
	2018	2018		2017
NÆRING OG BYGGESEN FELLES	1 564	1 521	43	930
BYGGESEN OG OPPMÅLING	-1 437	-407	-1 030	-1 474
NÆRING	4 236	6 150	-1 914	5 151
T O T A L T	4 363	7 264	-2 901	4 607

Tabell 2-17 Gebyrinntekter bygg

Gebyr - næring byggesak og oppmåling	Regnskap	Buds(end)	Avvik	Regnskap
	2018	2018		2017
KART OG OPPMÅLING	-1 357	-1 450	93	-1 501
BYGGESEN	-3 173	-2 000	-1 173	-3 013
BEHANDLINGSGEBYR	-207	-350	143	-197
LANDBRUK	-28	-20	-8	-46
VILT- OG UTMARKSFORVALTNING	-65	-51	-14	-60
T O T A L T	-4 829	-3 871	-958	-4 816

Tabell 2-18 Næringsutvikling – eigedomsskattmiddel

Oversikt over bruken av middel fra eigedomsskatten i 2018

Regionale tiltak

Visit Valdres	720 000
VNK	814 500
Sum regionale tiltak	1 534 500

Tilrettelegging infrastruktur mm

Asfaltering	invest	924 916
Gang og sykkelveg BHSS - Mørken	invest	2 643 431
Skibru	invest	20 256
Sentrumsutvikling Beitostølen	invest	-
Sum tilrettelegging infrastruktur mm		3 588 604

Stig- og løypeplan

Samanbinding av stølsvegar	-
Stistykkelsesprosjekt	1 000 000
Rullestol / fiskeplass Rypetjedn	-
Skjerming av skibru	16 922
Utbetring av våte parti i stier	-
Sum stig- og løypeplan	1 016 922

Tilskott VA

Tilskott VA	117 361
Sum tilskott VA	117 361
Kimen til vekst	-
Kimen til vekst	-
Sum Kimen til vekst	-
Fellestiltak landbruk	
Tiltak - næringsstrategi landbruk	140 000
Sperregjerde	18 060
Transportstøtte	600 000
Sum fellestiltak landbruk	758 060
Drift fellesgoder	
Løypeleige	279 100
Skiløypekjøring	848 810
Arrangementkoordinator	175 000
Snølagring	250 000
Skjøtsel av løpenett	325 000
Leige Beitostølen Stadion	172 657
Sum drift fellesgoder	2 050 567
Andre tiltak	
Informasjonsutgifter og gebyr	2 305
Husleige turistinfo	39 642
Festeavgift	17 130
Skyttelbuss	123 795
Gjendeguiden	10 000
Tiltak Klyppermyrh bustadfelt	64 512
Infosenter Beitostølen	29 250
ØS Næringsforum - Bli kjen t	40 000
Ridderrennet	300 000
Sum andre tiltak	626 633
TOTALT	9 692 647
Ramme 2018	12 000 000
Rest	2 307 353

2.5. Investeringsrekneskapen 2018

Investeringsrekneskapen for 2018 er gjort opp med brutto investeringsutgifter på 87,8 mill. kr. Av dette er 32,2 mill. finansert med lånemiddel. Det er brukt 3,6 mill. kr fra avsetjing av eigedomsskatt til finansiering av tiltak i investeringsrekneskapen.

Største enkelprosjekt i 2018 var rehabilitering og innføring av ventilasjonsanlegg på Øystre Slidre ungdomsskule – ØSUS, utbygging av ny hovedleidning VA på strekninga Lidar – Sælid og utbygging av nye omsorgsbustader i Moavegen 1 på Heggenes.

Fra og med 2018 vart tilknytingsavgifta fra vatn og avløp ført i investeringsrekneskapen.

I inntektene inngår salsinntekt fra sal av brannstasjonane på Heggenes og Beitostølen samt brannbilar og utstyr til Valdres brann- og redningstjeneste IKS.

Tabell 2-19 Finansiering av investeringar 2018

Salsinntekter og finansiering	Regnskap	Buds(end)	Avvik
	2018	2018	
Tilknytningsavgifter VA	-8 973 800	-3 914 000	-5 059 800
Sal av driftsmiddel	-3 740 000	-3 740 000	0
Sal av fast eigedom	-6 210 000	-4 650 000	-1 560 000
Refusjon frå staten	-	-2 000 000	2 000 000
Momskompensasjon	-7 886 327	-22 500 000	14 613 673
Refusjon frå fylkeskommunen	-	-2 500 000	2 500 000
Refusjon frå private	-1 070 993	-	-1 070 993
Statstilskott	-4 569 000	-	-4 569 000
Bruk av lånemiddel	-32 160 494	-102 796 000	70 635 506
Mottekne avdrag , innbetaling av lån	-6 232 822	-500 000	-5 732 822
Bruk av disposisjonsfond - ordinær	-13 371 995	-39 300 000	25 928 005
Bruk av disposisjonsfond -eigedomsskatt	-3 588 604	-5 800 000	2 211 397
Bruk av ubunde investeringsfond	-	-500 000	500 000
T O T A L T	-87 804 034	-188 200 000	100 395 966

I Tabell 2-20 nedanfor er alle investeringsprosjekta som vart gjennomført i 2018 oppførte. Prosjekta som ikkje er fullførte eller ikkje har starta opp er re-budsjetterte i investeringsbudsjettet for 2019.

Tabell 2-20 Investeringar i 2018

Brutto investeringsutgifter	Regnskap	Buds(end)	Avvik
	2018	2018	
128 Aksjer - Eidsiva Energi A/S	4 935 214	-	4 935 214
129 Andelsinnskot - KLP	811 471	600 000	211 471
131 Avdrag - startlån Husbanken	822 647	500 000	322 647
194 Digitalisering av eigedomsarkiv	-	300 000	-300 000
238 ØSUS - rehabilitering	1 704 720	1 400 000	304 720
240 Rogne skule - kaldtlager	906 027	250 000	656 027
241 Rogne skule - uteområde	106 519	250 000	-143 481
242 Rogne skule - gang og sykkelveg	27 000	-	27 000
380 Tenestebilar - Helse og omsorg	291 000	300 000	-9 000
394 Bustad - Moavegen 1	1 420 305	-	1 420 305
404 Beitostølen - Lidar gang og sykkelveg	2 643 431	5 000 000	-2 356 569
405 Asfaltering av kommunale vegar	924 916	800 000	124 916
435 Brennebakkin - bustader	732 830	6 000 000	-5 267 171
577 Skibru Beitostølsvegen	20 256	-	20 256
600 Øystre Slidre helsetun	27 167 581	100 000 000	-72 832 419
603 Ungdomshuset - Gapahuken	5 671 785	4 700 000	971 785
607 Oppmålingsutstyr	186 250	-	186 250
976 Skatepark	15 501	300 000	-284 499
510 Kjøp bustadtomt Skammestein	341 230	450 000	-108 770
605 Dalsvegen	2 519 298	1 000 000	1 519 298
Sum kommunale bygg og anlegg eksl VA	51 247 981	121 850 000	-70 602 020
548 VA Nordtorp - Sælid	13 039 680	-	13 039 680




549 VA Kjøk - Nordtorp (Lidar-Sælid)	8 053 268	-	8 053 268
558 VA - Lidar - Sælid	574 805	20 000 000	-19 425 195
VA Lidar - Sælid	21 667 753	20 000 000	1 667 753
506 VA Bergo - Spar - trasse 1	3 719 012	7 000 000	-3 280 988
575 VA Kulvert overvattn Arnold/ skiheis - trasse 4	7 039 203	5 000 000	2 039 203
576 VA Beitobrink- skiheis - trasse 2	2 267 893	-	2 267 893
578 VA Bergojorde - trasse 3	2 909	-	2 909
VA Beitostølen sentrum	13 029 017	12 000 000	1 029 017
501 VA Tåbakke - Lykkjehøgde	-	4 000 000	-4 000 000
502 VA Åbakkin	-	1 000 000	-1 000 000
503 VA Gullbakkvegen	-	4 000 000	-4 000 000
504 Ole vassverk - inntak	-	2 000 000	-2 000 000
505 VA Storefoss	8 480	2 000 000	-1 991 520
509 Kjøp av slambil VA	350 000	350 000	-
556 VA Raubråtmoen - Djupedalen	269 077	6 000 000	-5 730 923
559 VA Yddin	-	3 500 000	-3 500 000
561 Nedrefoss ra - biotrinne	-	4 000 000	-4 000 000
567 VA Sælid - Nedrefoss	483	-	483
604 Ole vassverk - behandlingsanlegg	-	7 000 000	-7 000 000
Sum andre VA - anlegg	628 040	33 850 000	-33 221 960
Sum investeringsutgifter	86 572 789	187 700 000	-101 127 211
Avsett ubunden investeringsfond	1 231 245	500 000	731 245
Sum utgifter etter avsetning	87 804 034	188 200 000	-100 395 966


2.6. Balanse – fond – soliditet

1. Anleggsmiddel utgjer 897 mill. kr. Dette består av bokført verdi av kommunale eideomar, ansvarleg lån til Valdres Energiverk A/S, samt formidlingslån, sosiale lån, aksjar og andelar i andre selskap, samt pensjonsmidlane (337,2 mill. kr). Pensjonsmidlane kan sjåast i forhold til kommunen sine opparbeidde pensjonsplikter overfor eigne tilsette, og tidligare tilsette sine pensjonsrettar oppført på gjeldssida i balanse på 374 mill. kr.
2. Omløpsmiddel utgjer 165,4 mill., ein nedgang på 25,3 mill frå 2017. Premieavviket (KLP og SPK), som inngår i omløpsmidlane, utgjer 20,9 mill. kr (auke på 1,3 mill).
3. Eigenkapital er oppført med 399,1 mill. kr. Korrigert for kapitalkonto utgjer kommunen sine fond inkl. årets mindreforbruk i drift 113,3 mill. kr per 31.12.2018. Av dette utgjer disposisjonsfond 67,8 mill. kr (80,7 mill. inkludert mindreforbruket i 2018).
4. Langsiktig gjeld er eks. pensjonsplikter per 31.12.2018 er på 237,7 mill. kr, som er ein reduksjon på 11,4 mill. kr frå 31.12.2017.

2.6.1. Nøkkeltal balanse

Kommunen har per 31.12.2018 ei solid økonomisk stilling, både når det gjeld nivået på disposisjonsfond og lånegjeld. Utvikling av andel disposisjonsfond av brutto driftsinntekter er aukande i forhold til fylket, samanliknbare kommunar og landsgjennomsnittet. Netto lånegjeld følgjer nasjonal trend. Kommunen står føre store investeringar som vil krevje vesentleg bruk av finansane, jf. økonomiplanen for 2019–2022.

Figur 2-2 Disposisjonsfond**Figur 2-3 Arbeidskapital****Figur 2-4 Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter**

Figur 2-5 Fordeling av lånegjelda i Øystre Slidre kommune 2013-18

2.6.2. Kommentar til lånegjeld

Kommunen har ved utgangen av 2018 ei lånegjeld på 237,7 mill. kr fordelt på lån i Kommunalbanken, KLP Kommunekredit og Husbanken. 127 mill. kr av lånegjelta er relatert til sjølvkostområdet vatn og avløp.

Lånegjelta vil auke vesentleg i 2019 i samband med utbygging av nytt helsetun og vidareutbygging innan vatn- og avløpssektoren.

Finansutgifter relatert til gjeld innan vatn- og avløpssektoren (VA) vil bli finansiert gjennom sjølvkostrekneskapet i form av vass- og avløpsavgifter.

2.6.3. Balanserekneskap

Tabell 2-6 Balanse per 31. desember

	2018	2017
EIENDELER		
Anleggsmidler	897 074 827	818 095 217
<i>Herav:</i>		
Faste eiendommer og anlegg	480 911 791	429 873 358
Utstyr, maskiner og transportmidler	5 839 706	7 872 000
Utlån	22 326 402	26 838 898
Aksjer og andeler	50 782 906	46 051 146
Pensjonsmidler	337 214 022	307 459 814
Omløpsmidler	165 442 928	190 741 358
<i>Herav:</i>		
Kortsiktige fordringer	31 662 002	12 573 150
Premieavvik	20 971 737	19 662 755
Obligasjoner	4 976 000	5 000 000
Kasse, postgiro, bankinnskudd	107 833 189	153 505 452
SUM EIENDELER	1 062 517 755	1 008 836 574
EGENKAPITAL OG GJELD		
Egenkapital	399 101 195	348 907 344
<i>Herav:</i>		
Disposisjonsfond	67 814 365	65 756 925
Bundne driftsfond	23 598 390	22 106 161
Ubundne investeringsfond	10 587 422	10 344 632
Bundne investeringsfond	2 694 757	1 617 357
Regnskapsmessig mindreforbruk	12 891 943	11 916 124
Kapitalkonto	285 790 966	241 442 793
Endring i regnskapsprinsipp	-4 276 648	-4 276 648
Langsiktig gjeld	611 809 199	608 838 255
<i>Herav:</i>		
Pensjonsforpliktelser	374 064 424	359 693 444
Andre lån	237 744 775	249 144 811
Kortsiktig gjeld	51 607 361	51 090 975
<i>Herav:</i>		
Annен kortsiktig gjeld	51 607 361	51 090 975
SUM EGENKAPITAL OG GJELD	1 062 517 755	1 008 836 574
MEMORIAKONTI		
Memoriakonto	1 027 288	32 687 782
<i>Herav:</i>		
Ubrukte lånemidler	525 338	32 185 832
Andre memoriakonti	501 950	501 950
Motkonto for memoriakontiene	-1 027 288	-32 687 782

2.7. Oppsummering

- Kommunen si finansielle stilling er god.
- Også i 2018 er rekneskapen prega av god budsjettkontroll i verksemdene og meirinntekter knytt til kraftsal og skatteinntekter.
- På grunn av at ein del investeringar vart sett i gang seinare enn føresett, vart det ikkje tatt opp nye lån i 2018. Utbrukte lånemiddel frå tidlegare var tilstrekkeleg til å finansiere opp årets investeringar. Investeringsprosjekt som ikkje vart sett i gang i 2018 er re-budsjetterte i 2019.
- Kommunen nådde alle resultatmåla i handlingsregelen i 2018. Dette gjeld resultatmåla for omfanget av lånegjeld, størrelsen på disposisjonsfond og netto driftsresultat.

3. Organisasjon

3.1. Rekruttering

Det vart til saman rekruttert inn 39 nye personar i faste stillingar gjennom 2018 (mot 38 året før). 33 personar (mot 29 året før) slutta i faste stillingar i løpet av året. Dette utgjer ein turnover på om lag 10,6 %. Rekna i årsverk er turnover om lag 9,1 %. I tillegg slutta 18 personar som ein følgje av verksemdsoverdraging til Valdres brann- og redningsteneste IKS.

Rekrutteringssituasjonen har vore rimeleg stabil over dei siste åra. Det er god søking til dei fleste ledige stillingane, og generelt opplever kommunen framleis å ha godt kvalifisert arbeidskraft i faste stillingar. I helse- og omsorgssektoren har rekrutteringssituasjonen vore utfordrande det siste året, og vikarsituasjonen har gjennom store delar av året vore vanskeleg i denne delen av verksemda.

Også når det gjeld andre høgskulegrupper og i leiarstillingar kunne ein ha ønskt seg noko betre søker til stillingane.

Kommunen ser også utfordringar knytt til deltidsstillingar i helse- og omsorgssektoren. Det vart i 2018 sett i gang eit prosjekt som skal sjå nærmare denne problemstillinga.

3.2. Sjukefråvær

Kommunen hadde i 2018 eit sjukefråvær på 9,6 %. Fordelt på område/kjønn er tala slik:


Tabell 3-1 Sjukefråvær fordelt på område

	2018	2017	2016	2015	2014
Opplæring og kultur	9,1 %	8,4 %	5,1 %	7,8 %	4,8 %
Helse og omsorg	12,2 %	8,9 %	11,3 %	11,8 %	10,3 %
Andre	5,4 %	7,4 %	5,7 %	4,8 %	4,1 %
Totalt	9,6 %	8,4 %	7,6 %	8,9 %	6,9 %


Tabell 3-2 Sjukefråvær fordelt på kjønn

	2018	2017	2016	2015	2014
Kvinner	11,1 %	9,6 %	8,8 %	10,0 %	8,1 %
Menn	3,7 %	3,3 %	2,5 %	4,6 %	2,2 %
Totalt	9,6 %	8,4 %	7,6 %	8,9 %	6,9 %

Det totale talet på 9,6 % er det høgaste talet i Øystre Slidre kommune dei siste 10 åra, og i følgje KS sin fråværssstatistikk er no fråværet i kommunen *høgare* enn gjennomsnittet i kommunesektoren. Samanlikna med andre kommunar er fråværet særleg høgt på undervisningsområdet.

Figur 3-1 Utvikling av sjukefråvær 2009-18

Som tidlegare er det langtidsfråværet som utgjer hovedtyngda av sjukefråværet i kommunen. Kroniske/alvorlege lidingar gjev stort utslag på statistikken:


Figur 3-2 Sjukefråvær etter kategori 2018

Kommunen har rutinar for oppfølging av langtidssjukmeldte.

3.3. Uføreandel

Når sjukefråværet i Øystre Slidre har auka gjennom dei siste åra, er det relevant å sjå på kor stor uføreandelen er. Her viser tal/statistikk frå KLP at Øystre Slidre kommune har ein låg uføreandel. Dette kan være ein indikasjon på at kommunen klarer å legge til rette for arbeidstakrar med helseproblem slik at dei ikkje går over i uføretrygd, og kan også være ei delforklaring på det høge sjukefråværet.

Tabell 3-3 Uføreandel i KLP-området (alle tilsette utanom undervisningspersonell). Kjelde: KLP



3.4. Lokale lønnsforhandlingar

Rådmannen gjennomførte lokale lønnsforhandlingar i kapittel 3 og 5 i 2018. Det vart til saman fordelt 703 330 kr i desse forhandlingane:

Tabell 3-4 Resultat lokale forhandlingar 2017

Kapittel i Hovudtariffavtalen	Fordelt beløp i lokale forhandlingar
Kapittel 3 (leiarar, berre lokal lønnsdanning)	466 600
Kapittel 5 (i hovudsak akademikarar, berre lokal lønnsdanning)	236 730
Totalt	703 330


Midlane er fordelt etter forhandlingar med lokale organisasjonar, og det var semje om resultatet med alle organisasjonane.

3.5. Likestilling

Det er framleis eit relativt kjønnsdelt arbeidsmønster i kommunen.


Tabell 3-5 Nøkkeltal kvinneandel per 31.12.2018

Nøkkeltal	
Kvinneandel tilsette:	254 av 314 (80,9 %)
Kvinneandel årsverk:	80,3 %
Kvinneandel toppleiarar (tilsette):	0 av 3 (0 %)
Kvinneandel mellomleiarar (tilsette):	13 av 19 (68,4 %)

Figur 3-3 Kvinneandel av årsverk**Tabell 3-6 Likelønn**

	Desember 2018	Desember 2017
Snitt reg.lønn kvinner	465 397	455 731
Snitt reg.lønn menn	525 407	510 991
Likelønnsprosent	88,6 %	89,2 %

Per desember 2018 hadde kvinner ei gjennomsnittleg regulativlønn på 88,6 % av gjennomsnittet for menn (i grunnlaget ligg om lag 233 årsverk). Tilsvarande tal for 2017 var 89,2 %, noko som betyr at Øystre Slidre kommune har hatt ei **negativ** likelønnsutvikling frå 2017.

Figur 3-4 Utvikling av relativ kvinnelønn

Kommunen har over tid hatt ei negativ likelønnsutvikling. Årsaksforklaringa er samansett. Fram til siste år, har den negative likelønnsutviklinga i hovudsak kunne forklaraast med at andelen kvinnelege leiarar i kommunen har gått ned. Som tabellen over viser, er det berre i

høgskulegruppa det har vore ein negativ trend over dei siste åra. Denne trenden ser ut til å være på veg til å snu gjennom 2018, og i høgskulegruppa er no likelønnsprosenten tilbake på 2016-nivå.

Når det likevel har vore ei negativ likelønnsutvikling siste år, er det vanskeleg å finne ei fullgod forklaring på dette. Det samla lønnsoppgjernet i 2018 (sentralt og lokalt) hadde liten medverknad på likelønnsutviklinga. Difor er det truleg at turnover (tilsette i avgang og nye rekrutteringar) er ein viktig faktor i dette biletet.


Tiltak gjennomført i 2018 og planlagt i 2019

Kommunen arbeider for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillingslova m.a. gjennom å likebehandle både i tilsetjingar og i lønnsplassering. Deltidsprosjektet i helse- og omsorgssektoren som vart sett i gang i 2018 (og vidareført i -19) vil være eit viktig bidrag for legge til rette for større stillingar i typisk kvinnedominerte yrke.

3.6. Arbeidstid/deltid

Øystre Slidre kommune har fokus på deltidsproblematikk. Gjennomsnittleg stillingsprosent (fast tilsette) har utvikla seg slik (status per 31.12 kvart år):

Figur 3-5 Utvikling deltid (stillingsprosent) fordelt på kjønn



Gjennomsnittleg stillingsstorleik i Øystre Slidre kommune har vore relativt stabil sidan 2012.

Øystre Slidre kommune praktiserer deltidstilsette sin rett til stillingsutviding, gjennom å lyse ut ledige faste stillingar internt i samsvar med føresegnene i Arbeidsmiljølova og Hovudtariffavtala.

Der det blir vurdert som føremålstenleg, opnar kommunen for å dele stilling (at deltidstilsette kan søkje på dei delane av den ledige stillinga som let seg kombinere med eksisterande stilling). Dette er eit stort dilemma i turnusyrke, der krav til bemanning på helg vil medføre at stillingsutvidingar vil utløyse fleire reine helgestillingar (små delstillingar) – noko som ingen vil være tent med. Kommunen har difor hovudfokus på kva ein ev. kan gjøre for å auke

gjennomsnittleg stillingsprosent. Det vart sett i gang eit større prosjekt med fokus på dette i 2018.

3.7. Etisk standard

Kommunen har retningslinjer for mislegheter, og det vart utarbeida nye varslingsrutiner i 2018. Likebehandling og habilitet er viktige verdiar i Øystre Slidre kommune, og har vore gjenstand for drøftingar både på politisk og administrativt nivå også i 2018.

3.8. Lønnsrekneskapen

Lønnsrekneskapen (konto 1010-1099) viser eit forbruk på 178,8 mill. kr. Dette er 3,5 mill. kr (1,98 %) over budsjett, og kan i sin heilskap forklara med overforbruk på sjukelønn (4 mill. kr i samla overforbruk sjuke- og fødselspengar). Kommunen budsjetterer bevisst med eit relativt lågt sjukefråvær – og tilsvarende låge vikarutgifter.

Refusjonar (sjukelønn og fødselspengar) har ei tilsvarende meirinntekt (3,8 mill. kr). Til saman gjev dette eit netto mindreforbruk på lønsområdet (lønn og refusjon) på om lag **0,2 mill. kr (0,13 %)**.

Sjølv om lønnsrekneskapen samla er i samsvar med budsjett, er det budsjettavvik på fleire område. Dei største avvika er:

- Det sentrale lønnsoppgjaret var nok ein gong moderat (2,8 % sentralt, mot 3,5 % i budsjettet). Teoretisk skulle dette ha medført eit underforbruk (inkl. sos. utg.) på om lag 1,1 mill. kr.
- IHT: Netto mindreforbruk 502' (1,0 %), i hovudsak grunna meirinntekter refusjon som ikkje i sin heilskap har motpost i høgare vikarinnleige.
- Miljøtenesta: Netto mindreforbruk 486' kr (4,2 %), hovudsakleg grunna meirinntekter refusjon og mindreutgifter i anna lønn (støttekontakt) og ferievikariat.
- Flyktningtenesta: Mindreforbruk i introduksjonstilskott på 348' kr .
- Helseavdelinga: Underforbruk 289' (2,1 %) som følgje av meirinntekter refusjon som ikkje i sin heilskap har motpost i høgare vikarinnleige.
- Planavdelinga: Mindreforbruk på 238' grunna vakanse i planleggarstilling.
- Stab: Mindreforbruk på 228' grunna vakanse i rekneskapsavdelinga.
- Barnehage: Overforbruk samla på 828' kr (4,7 %) som følgje av høgare bemanning enn føresett i budsjettet (barnehageopptak gjennom året). Størst overforbruk i Rogne barnehage.
- Overforbruk overtid: 640' samla i kommunen.
- Grunnskulen: Overforbruk samla på 605' kr (1,7 %) i hovudsak grunna for større vikarbruk (i forhold til refusjon) enn føresett i budsjettet. Størst overforbruk på Rogne skule.
- Teknisk drift: dyrare vaktordning enn føresett i budsjettet (overforbruk 343').

3.9. Premieavviket

Etter tre år med reduksjon i det akkumulerete premieavviket, vart det igjen ei auke i 2018. Dette var forventa, og varsla i årsmeldinga for 2017. Det akkumulerete premieavviket er no om lag på same nivå som i 2015.

Premieavviket er ein konsekvens av at reglane for kommunal rekneskapsføring seier at kommunen kan rekneskapsføre eit anna beløp (ein berekna «netto pensjonskostnad») enn det


som blir innbetalt. Intensjonen med ordninga er at kommunane i sine rekneskap skal kunne fordele rekneskapsføring av reelle pensjonsutgifter over tid, for på denne måten å være mindre sårbarer overfor konjunktursvingingar.

Vedvarande låg rente kombinert med relativt høge lønnsoppgjer og auka forventningar til levealder, har ført til at premieavviket over tid har vorte betydeleg høgare enn det som var føresett då ordninga vart etablert. Difor er det gjort også gjort innstrammingar i ordninga.


Det akkumulerte premieavviket (betalte, men ikkje rekneskapsførte kostnader) i KLP er på omlag **20,5 mill. kr per 31.12.18**. Dette er omlag 2,5 mill. betre enn prognosane.

Premieavviket er på nytt forventa å stige gjennom 2019, og i følgje prognosar frå KLP vil akkumulert premieavvik ved utgangen av 2019 være på nær 24,9 mill. kr.

Figur 3-6 Akkumulert premieavvik KLP-området



Figur 3-7 Utvikling av premieavvik KLP-området 2003-17



4. Interkommunalt samarbeid - vertskommunesamarbeid

Kommunane i Valdres har eit omfattande samarbeid, og kommunane har lagt delar av utviklingsarbeidet til Valdres Natur- og Kulturpark.

Årsmelding for interkommunale tenester for vertskommunesamarbeid frå vertskommunane Nord-Aurdal og Sør-Aurdal kommunar ligg føre som vedlegg til denne årsmeldinga.

Årsmelding frå Krisesenteret på Ringerike er tilgjengeleg, men ikkje vedlagt.

Tabell 4-1 Øystre Slidre kommune sin andel i interkommunale samarbeid i Nord Aurdal kommune som vertskommune (i heile 1 000 kr) Regnskapstal og budsjett er tatt ut i frå mottatt årsmelding.

Teneste	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	ØSK sin andel
	2018	2017	2016	2015	
Skatteoppkrevjaren	611	564	602	615	17,80 %
PPT	1 407	1 301	1 299	1 173	17,80 %
Barnevern eks. tiltak	2 385	2 187	1 776	1 622	23,00 %
Jordmorteneste	165	282	319	326	17,00 %
Legevakt	2 580	2 481	2 497	2 209	17,00 %
Intermediær inkl. KAD ø.hjelp	2 476	2 607	2 449	1 934	17,80 %
VLMS lokalar drift	467	471	539	-	17,00 %
Nav eks. tiltak	2 283	2 172	2 046	2 273	17,00 %
Brannførebyggande (IKS f.o.m 2018)	0	312	332	294	-
Sum	12 374	11 377	11 257	9 831	

5. Administrativ leiing

Sentral leiing:

Sentral administrativ leiing består av rådmannen, to kommuneleiarar og økonomisjefen. Kommunaleiarane har overordna ansvar for områda «Opplæring og kultur» og «Helse og omsorg».

5.1. Oversikt over tilsyn i 2017 – 2018

Tabell 5-1 Oversikt over tilsyn 2017-18

Myndighet	Område	Status
2017		
Arbeidstilsynet	ØSUS – sløydsal	Avvik lukka
2018		
Fylkesmannen	Landbruk - tilskotsordning SMIL	Ikkje ferdigbehandla
Fylkesmannen	ØSUS elevens utbytte av opplæringa	Avvik lukka

5.2. Beredskap

Det har ikkje vore hendingar i 2018 som har ført til at kommunen har sett krisestab, men det har vore nokre hendingar, særleg knytt til varsle uvær med mykje nedbør, der kommunen har hatt eit auka aktsemdsnivå. Dette gjeld òg den uvanleg store skogbrannfaren sumaren 2018. I den tida var det jamn kontakt med fylkesmannen og brannvesenet. Det vart sett i verk ulike tiltak. Kommunen er særstegnlagt med den store aktsemda og respekten for brannvesenet sine tilvisingar som næringsliv, fastbuande og tilreisande utviste.

Kommunen har framleis eit eige beredskapsteam, som består av kommunalsjef for helse og omsorg (beredskapsansvarleg), beredskapskoordinator, teknisk sjef og stabsleiar (informasjonsansvarleg), som har hatt fleire møter i løpet av året. Representantar frå beredskapsteamet har delteke på alle fylkesmannen sine beredskapssamlingar, samt Skypemøter i regi av fylkesmannen. Planverk knytt til beredskap er oppdatert og det blir arbeidd med noko revisjon. Gjeldande heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (H-ROS) er vedteken i kommunestyret i februar -17.

CIM er kommunens dokumentasjonsverktøy når det gjeld krisehandtering og beredskapsarbeid. Brukarar av CIM i kommunen deltok i februar på eit to-dagars kurs i Vang, saman med Vang Kommune. Det har vore halde ein del øvingar i CIM etter dette.

Kommunen har to satellittelefonar med tanke på å sikre kommunikasjonen om telenettet skulle bli borte.

Øystre Slidre kommune held òg i 2018 fram sitt øvingssamarbeid med Vestre Slidre og Vang kommunar i regi av fylkesmannen.

Kontakt/erfaringsgruppe (beredskapskoordinatorane) i Valdres har hatt fleire møte. I møta blir det utveksla erfaringar og det blir sett på korleis kommunane best mogeleg kan dra vekslar på kvarandre sine kunnskap og kapasitet om det skulle bli nødvendig. I 2018 har ein m.a. sett på korleis ein praktisk kan hjelpe kvarandre ved ei hending som krev ressursar som i omfang eller tid kan gå ut over det ei kommune kan klare sjølv. Vidare har gruppa møtt Sivilforsvaret for å sjå på kvar ressursar desse har i Valdres fort kan skaffe fram.

6. Staben

6.1. Viktige saker og hendingar i 2018

- Innføring av generell eigedomsskatt
- Innføring av løysing for mottak og utsending av digital post (KS Svar Ut/Svar Inn)
- Kommunen tok på seg rekneskapsføring, lønnskjøring og personaltenester for Valdres brann- og redningstjeneste IKS frå 1. januar 2018
- Kommunane overtok ansvaret for borgarleg viggsl fra 1. januar 2018
- Kommunane fekk ansvar for å føre tilsyn med salsstader for tobakksvarer o.l. frå 1. januar 2018
- Lokale lønnsforhandlingar

6.2. Mål og måloppnåing

Følgjande av kommunen sine delmål har spesiell relevans for staben:

- **Vekst i kvalitet**
 - Øystre Slidre kommune skal, ved effektiv ressursbruk, tilby tenester som i kvalitet og innhald tilfredsstiller innbyggjarane og gjestene sine grunnleggande behov.
- **Offensiv organisasjon**
 - Øystre Slidre kommune skal vere ein organisasjon som er brukar- og serviceorientert.
 - Øystre Slidre kommune skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar. Kommunen skal ta vare på sine tilsette, og sikre ei god rekruttering i framtida.
 - Øystre Slidre skal drive aktiv informasjon.

Måloppnåing


Dei overordna måla er i liten grad konkrete nok til å kunne slå fast om staben har nådd måla.

Målet med omorganiseringa som vart gjennomført frå 01.01.13 var mellom anna å styrke kommunen sine administrative styringssystem (som post/arkiv og internkontroll), samt å styrke informasjonsarbeidet.

6.3. Informasjon, arkiv, sentralbord, postmottak

Vi fortsetter den gode trenden med stadig betre datafangst i arkivet. I 2018 vart det registrert til saman 10 456 journalpostar (brev inn/ut og andre saksdokument), mot 8 008 året før.

Overgang til ny versjon av saksbehandlarsystemet (som er betre integrert med kommunen sine e-post-system) skjedde i januar 2018, og har truleg ført til endå betre registrering av e-post.

Figur 6-1 Utvikling i registrerte journalpostar i arkivet

Innføring av løysing for digital utsending av post (brev blir sendt frå kommunen til digital postkasse og/eller Altinn) har ført til ein nedgang i portoutgifter gjennom 2018 på om lag 100' kroner, i tillegg til at dette sparer kommunen for manuelt arbeid. Kostnadene til digital utsending har rett nok auka tilsvarande, men i denne summen ligg også ekstra utgifter knytt til utsendingar av informasjon og fakturaer i samband med innføring av eigedomsskatt (desse breva kjem i tillegg til dei registrerte journalpostane i statistikken over).

Det vart også innført ein ny modul for møtebehandling (politiske møte) i 2018.

Planlagt digitalisering av eigedomsarkivet vart utsett på nytt, då utviklinga av system for å gjere integrasjon mot kommunen sitt saks-/arkivsystem enklare og betre enno ikkje er på plass. Intensjonen er å sette i gang i løpet av 2019.

6.4. Rekneskapsavdeling

I 2018 er det motteke 6 805 fakturaer. Av desse er 67 % fullelektroniske (ei auke frå 63 % året før). 18 % av mottekne fakturaer blir no sendt automatisk til saksbehandlar ved hjelp av «profil» på fakturaen.

Kommunen har teke på seg rekneskapsføring, lønskjøring og personaltenester for det nye selskapet Valdres brann- og redningstjeneste IKS frå 1. januar 2018.

Kommunen har elles gjennom heile året hatt fokus på innkrevjingsarbeid, noko som bidreg til kommunen framleis ligg godt an m.o.t løysingsgrad på innkrevjingar. Det har i 2018 teke i bruk eit system som i større grad automatiserer inkassoarbeidet, med mål om rasjonalisering og kvalitetssikring av arbeidet. Vi har og take i bruk ei heilautomatisert rutine for overføring av filer frå bank til rekneskapssystem.

6.5. Løns- og personalavdeling

Staben behandla i løpet av 2018 til saman 72 tilsetjingssaker, og inngjekk 312 nye arbeidsavtaler. Fleire av desse avtalene gjeld vikariat og tilkallingsvikariat) og endringar av eksisterande stillingsforhold.

I tillegg vart det behandla 72 permisjonssøknadar (lengre permisjonar).

I administrasjon av tilsette blir det stadig innført nye elektroniske system. I 2018 vart det m.a. etablert system for mottak av digitale sjukmeldingar.

Løns- og personalavdelinga har elles ein støtte-/rådgjevarfunksjon på arbeidsgjevarområdet i heile organisasjonen.

Det vart gjennomført lokale lønnsforhandlingar for leiarar og einskilde høgskulegrupper (kapittel 3 og 5) i 2018, sjå kapittel 3.4.

6.6. Bevillingssaker m.m.

Kommunen behandla i 2018 12 søknader i skjenke- og serveringssaker, i tillegg til behandling av kontrollrapportar etter skjenke- salskontollar, gjennomføring av kunnskapsprøver i alkohollova og etablerarprøver. Ved utgangen av året var det 24 skjenkeløyver og 7 salsstader for alkohol gr.1.

Frå 01.01.18 fekk kommunane ansvar for å føre tilsyn med salsstader for tobakksvarer og tobakkssurrogat til forbrukar. I Øystre Slidre var det ved utgangen av året 9 slike utsalsstader.

Frå 01.01.18 overtok kommunane ansvaret for borgarlege vigslar. Ordførar, varaordførar og kommunalt tilsette eller folkevalde som kommunestyret sjølv gir myndighet kan vigsle. I 2018 hadde vi to vigsler på kommunehuset.

7. Planavdelinga

Dei store oppgåvene i planavdelinga i 2018 har vore:

Kommunedelplan for vassmiljø, vassforsyning og avløp

Denne store planen for lokal vassforvaltning, vassforsyning og avløp kravde store ressursar også i 2018. Planen vart vedteken av kommunestyret februar 2018. Oppfølging av innleiande tiltak i handlingsdelen er prioritert dette året. Det er utarbeidd to forskrifter: Forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg, og forskrift om tilknyting til leidningsnett samt gebyr. Dette vil vere viktige verkemiddel for gjennomføring av planen og forvaltinga av denne framover.

Handlingsplanen for separate avløpsanlegg har hatt hovudfokus i 2018, og kommunen arbeider mot vedtak fyrste halvår 2019. Planen prioriterer og konkretiserer arbeidet både med omsyn til område og tiltak. Utforming av handlingsplan har også fokus på at den vil være viktig informasjonskjelde for den enkelte som blir råka av tiltak. Ingen andre planar råkar den enkelte innbyggjar og hytteeigar direkte i så stor grad som ein VVA-plan. Det er difor svært stort behov for konkret informasjon framover, det er viktig å vere føreseieleg.

Vi er ein av dei fyrste kommunane som har utarbeidd ein plan som direkte følger opp regionale vassforvaltingsplanar bygd på EU sitt vassdirektiv. Vi merker stor interesse for vår plan frå andre kommunar og fylkeskommunar.

Tettstadsutvikling Beitostølen

I reguleringsplanarbeidet er det først og fremst skiløpenettet som har vorte tilgodesett i 2018. Reguleringsplan for skibru over Beitostølsvegen legg til rette for skibru ved Menkelie. Den vart vedteken i september. Reguleringsplan for Solbakkin legg til rette for skiløype frå undergangen under fylkesveg 51 ved Stølstunet til og med skibru over Finntøppvegen. Planen legg også til rette for fortetting i området og eit nytt bustadområde mot Bergojordet. Dette har vore ein ressurskrevjande planprosess med motsegn frå fylkeskommunen og inngrep i eksisterande veg- og eigarstruktur. Planen vart klargjort for vedtak i løpet av året. To planer ved skistadion; «skiløype Lomtjednet» og «gangveg til skistadion» vart også klargjorte for vedtak i løpet av året.

Kommunen sette også i gang ei reguleringsendring i Klyppemyrhaugen bustadområde, med eit ope informasjonsmøte.

Tettstadsutvikling Heggenes

Arealdelen til kommuneplanen og reguleringsplan for Heggenes sentrum gav signal om forsterka fokus på tettstadsutvikling på Heggenes. Som del i dette arbeidet vart forslag til reguleringsplan for Heranglie bustadområde førebudd og gjort klar for utlegging til offentleg ettersyn.

Tettstadsutvikling Skamnestein

Reguleringsplan for Kølleberg bustadområde vart utarbeidd og lagt ut til offentleg ettersyn i 2017. I løpet av 2018 kjøpte kommunen noko grunn, fremja jordskiftesak og gjorde reguleringsplanen klar for vedtak.

Private framlegg til reguleringsplanar

Handsaming av private reguleringsforslag krev mykje ressursar på avdelinga. Reguleringsforslag til hytteområda Sørre Garli – Garlislette og Robølshøvda vart vedtatt med stort potensial for nye hytter. Private utbyggjarinteresser har starta områderegulering i Størrtjednlie. Kommunen er i dialog i utarbeidinga av planen.

Reguleringsplan for Robølshøvda hytteområde fekk sitt endelege vedtak i februar, men med reguleringsendring i juni grunna tekniske justeringar i kart og føresegner.

Hytteområdet «Sørre Garli og del av Garlislette» var gjenstand for klagebehandling og ei endring av føresegnene vart klargjort for vedtak i løpet av året. Utbygging har starta opp.

Planprogram vart vedteke for hytteområdet «Beito eiendom ved Garli parkering»

Reguleringsplan for Skrebergene sandtak vart vedteke i juni.

Ein bebyggelsesplan vart oppheva og det vart vedteke mindre endringar av tre reguleringsplanar i løpet av året; Lomtjednhaugen, Garlislette og Hestehagin II.

Tekniske planar for veg, vatn og avløp

Arbeidet med å bygge VA-leidningar mellom Lidar skule og Sælid fortsette i 2018. Parsellane Kjøk – Nordtorp og Nordtorp – Sælid vart ferdigstilte. Omlegging av 800 meter av Dalsvegen er ferdig. Vegen har no fått ei langt betre lineføring.

Ei større oppgradering av overvassnettet i sentrum av Beitostølen vart prosjektert og gjennomført i 2018. Der det var føremålstenleg er også vass- og avløpsnettet oppgradert. Dette for å møte dei store utbyggingsplanane i Beitostølen sentrum.

Det vart igangsett oppgradering av turvegen Helsesportsenteret – Nordheimvegen for å kunne legge asfaltdekke på han. Asfalt kjem i 2019.

Prosjektering av bygg

Bygging av Øystre Slidre Helsetun starta opp i 2018 med tilrettelegging av tomt og grunnarbeid. Omfanget av dette store byggeprosjektet vart etter kvart synleg for alle.

Ungdommens kulturhus «Gapahuken» er ferdigstilt. Ungdomen i bygda har fått eit fantastisk bygg til glede og utvikling.

To nye bueiningar på Brennebakkin er prosjektert med byggestart hausten 2018.

Nytt lagerbygg ved Rogne skule vart ferdigstilt.

8. Opplæring og kultur

8.1. Grunnskulen

8.1.1. Mål

Skulane skal vere over snittet i landet på ulike målingar.


Skulane skal gje borna ein trygg oppvekst med like moglegheiter til utvikling. Det vil m.a. seie at skulane i Øystre Slidre skal ha eit psykososialt miljø der ingen opplever mobbing, diskriminering, vald eller rasisme.

8.1.2. Måloppnåing

Resultat av nasjonale prøver

Nasjonale prøver måler grunnleggande ferdigheiter i lesing, rekning og engelsk, men måler ikkje kunnskapsnivået slik som standpunkt- og eksamenskarakterar. Målsettinga er å ha betre resultat enn landsgjennomsnittet. Skalaen for resultata skal vere slik at ein kan samanlikne frå år til år. Det nasjonale snittet ligg på 50 skalapoeng.

Figur 8-1 Nasjonale prøver 5. trinn, engelsk




Figur 8-2 Nasjonale prøver 5. trinn, lesing




Figur 8-3 Nasjonale prøver 5. trinn, rekning

Figurane over viser at elevane på 5. trinn i ØSK scorar omtrent på nivået i landet innan dei tre grunnleggande ferdighetene. Engelsk og lesing er Øystre Slidre litt over og i rekning litt under.

Skulane gjer eit grundig arbeid med å analysere dei nasjonale prøvene for å kunne setje inn tiltak der ein ser at elevane manglar ferdigheter. Dette systematiske arbeidet veit vi vil gje resultat. Trass dette systematiske arbeidet vil resultata variere frå år til år på dei ulike trinna.

Figur 8-4 Nasjonale prøver 8. trinn, engelsk**Figur 8-5 Nasjonale prøver 8. trinn, lesing**


Figur 8-6 Nasjonale prøver 8. trinn, rekning


Nasjonale prøver blir haldne tidleg på hausten, noko som betyr at det er ferdighetene frå 7. trinn som vert testa i nasjonale prøver på 8. trinn.

Tabellen over viser at snittet av elevane på 8. trinn i ØSK scorar under gjennomsnittet for landet i dei tre grunnleggjande ferdigheitene. På alle skulane har det vore arbeidd med lesestrategiar, noko som er viktig for å bli god i lesing. Resultata på 8. trinn har vore jamt stigande i lesing fram til 2016. I 2017 og 2018 visar resultatet litt under landsgjennomsnittet.

Skulane gjer eit grundig arbeid med å analysere dei nasjonale prøvene for å kunne setje inn tiltak der ein ser at elevane manglar ferdigheter. Dette systematiske arbeidet veit vi vil gje resultat. Trass dette systematiske arbeidet vil resultatata variere frå år til år på dei ulike trinn.

Det er òg ein god dialog mellom barneskulane og ungdomsskulen for å sikre kvaliteten på den undervisninga som vert gjeve, og for å styrke kunnskapen om korleis det vert arbeidd på barnesteget og på ungdomssteget.

Figur 8-7 Nasjonale prøver 9. trinn, lesing

Figur 8-8 Nasjonale prøver 9. trinn, rekning

Figurane over viser at snittet av elevane på 9. trinn i ØSK har scora høgt over landet i lesing i åra 2016 og 2017. I 2018 er snittet i Øystre på linje med snittet for landet. I rekning er scorar dei på linje med landet. Skulane er bevisste på at også dei flinke elevane skal få tilpassa undervisning. Dette kan ha vore med på å løfte fleire elevar til høgste nivå.

Det er positivt at klassane har heva seg sidan dei gjekk på 8. trinn, og hadde same prøva, i lesing frå 49 til 53 og i rekning frå 48 til 52. Lærarteamet arbeider systematisk for å skape eit godt læringsmiljø med høgt læringstrykk.

Resultat for 10. årssteg i eksamen i matematikk våren 2018

Alle elevane kom opp til skriftleg eksamen i matematikk. Karakterskalaen går frå ein til seks, der seks er beste karakter.

Tabell 8-1 Eksamenskarakterar

2018		
ØSK	Oppland	Nasjonalt
Matematikk	3,6	3,5

Tabellen over viser at elevane i ØSK scorar på linje med landet og litt over Oppland.

Grunnskulepoeng

Grunnskulepoeng er eit mål for det samla læringsutbyttet for elevane som får sluttvurdering med karakterar. Karakterane vert brukte som kriterium for opptak til vidaregåande skule. Grunnskulepoeng er rekna ut som summen av dei avsluttande karakterane til elevane, delt på talet på karakterar og multiplisert med 10.

Tabell 8-2 Grunnskulepoeng

2018		
ØSK	Oppland	Nasjonalt
Grunnskulepoeng	42,8	41,6

Grunnskulepoenga varierer ein god del frå år til år. Grunnskulepoenga i ØSK i 2017 (37,8 poeng) viste et tydeleg dropp frå tidlegare år. Vi antok i fjor at det var grunn til å tro at

dropen i grunnskulepoeng var ein tilfeldighet for dette året. Poenga i 2018 stadfestar denne hypotesen. I 2018 er grunnskulepoenga oppe på eit svært godt nivå igjen.

Tilbakemeldingane frå Valdres vidaregåande skule har vore at det ser ut til at Øystre Slidre ungdomsskule gjev standpunktakarakterar som samstemmer med vurderingane dei gjer på vidaregåande.

Gjennomføring

Skuleåret 2017-18 var det 87 % av elevane frå kommunen som fekk bestått i VG1, talet for Oppland var også 87 %. Det var 3 % frå kommunen som slutta, også her same som talet for Oppland (3 %). Øystre Slidre har dei siste åra hatt fullføringstal på VG1 langt over snittet for Oppland. Med den kjennskapen vi har til elevkulla er det forventa at fullføringstala for Øystre Slidre i 2019 igjen vil hamne på eit nivå over snittet for Oppland.

8.1.3. Tiltak i 2018 for å oppnå mål

- Systematisk oppfylging av resultata i det nasjonale kvalitetssystemet på skulane, på desse nivåa: elevar, lærarar, føresette, rektor og kommunalsjef.
- Lærarane har lært å bruke verktøyet for pedagogisk analyse og har arbeidd spesielt med korleis ein skaper gode relasjonar til elevane og utvikle eit godt sosialt miljø i klassa.
- Skulane deltek i den nasjonale satsinga på desentralisert skulebasert kompetanseutvikling. Arbeidet har fokus på å implementere revidert læreplan.
- Skulane har særleg hatt fokus på vurdering.
- Skulane har arbeidd med ulike standardar for godt læringsmiljø og god undervisning. Arbeidet med å holde standardane i drift og følgje dei opp med ev. justeringar, skjer kontinuerlig.

8.1.4. Elevtal og prognosar

Tabell 8-3 Elevtal skuleåret 2019-20

	1.kl	2.kl	3.kl	4.kl	5.kl	6.kl	7.kl	8.kl	9.kl	10.kl
Barneskulane	32	25	42	33	46	27	34			
ØSUS							32	33	42	

Tabell 8-4 Prognose over 1. klassingar 2019-24 (basert på fødslar)

	2020	2021	2022	2023	2024
Fødde	29	24	42	26	19

Prognosane for barnetal viser ein nedgåande trend over år. Dette inneber m.a. små klassar på enkelte av trinna på barneskulane. Elevtala i Tabell 8-4 skal fordelast på Lidar skule og Rogne skule.

8.1.5. Arbeidet i skulane

- Vi har eit kollegium med høg fagkompetanse. Utskifting på grunn av alder skjer i nokon grad på alle skular.
- Vi har eit godt kvalitetssikringssystem for å sikre god grunnskuleopplæring og måle kvalitet.
- Det vert arbeidd for at fleire elevar skal få tilpassa undervisning i staden for spesialundervisning.
- Det er utviklet gode planar som skal sikre betre samarbeid og god overgang mellom barnehage og skule samt mellom barnetrinn og ungdomstrinn.

- Det er satt i gang ein foreldreskule for foreldra til elevane i 1. klasse og 8. klasse. Dette blir no vurdert for 5. klasse.
- Undervisninga har hatt fokus på læringsutbyttet med særleg vekt på grunnleggjande ferdigheter i lesing og rekning.
- Nasjonale prøver er eit godt verktøy for vurdering av elevane. Evalueringa gjev grunnlag for vidareutvikling gjennom:
 1. Meir informasjon på tvers av skulane; barneskulane og ungdomsskulen
 2. Større fokus på læringsresultat
 3. Resultat som grunnlag for å tilpasse undervisninga
 4. Målretta satsing på område der vi over tid har låg score på nasjonale prøver
- Elevundersøkinga gir god innsikt i elevanes oppfatning av læringsmiljø, fagleg arbeid og oppfølging i heimane.
- I 2018 vart eit læringsmiljøprosjekt starta opp. Prosjektet har sitt utgangspunkt i Rogne skule. Barnehagane i Tingvang og Rogne deltek også. Dei andre skulane og barnehagane er sikra innsikt i innhaldet i prosjektet. Prosjektet er i stor grad finansiert av Utdanningsdirektoratet. Faglig ansvarlig for prosjektet er Læringsmiljøsenteret ved Universitetet i Stavanger.

8.2. Barnehagar

8.2.1. Mål

- Ha eit miljø som gjev trygge, glade, sjølvstendige og skapande barne og unge
- Garantert barnehageplass etter fylt eitt år
- Ein god bustadkommune

8.2.2. Måloppnåing

- Alle som ynskjer barnehageplass, får plass etter fylte eitt år
- Det er vanskeleg å måle om vi har trygge, glade, sjølvstendige og skapande barne og unge i barnehage, men ut frå tilbakemeldingar frå foreldre og slik personalet ser barna, jobbar vi godt i retning målet.

8.2.3. Tiltak i 2018 for å oppnå mål

- Brukar kartleggings- og analyseskjema med fokus på læringsmiljøet når det er uro for utviklinga til eit barn.
- Barna lærer best når dei deltek aktivt og får bruke språket saman med andre. Det vert difor lagt til retta for at barna får bruke språket i samanhengar som er meiningsfulle i kvardagen
- Barnehagane har større merksemd på om barn vert krenka eller om nokon fell utanfor det sosiale fellesskapet. Læringsmiljøprosjektet, som er nemnt over knytt til tiltak i skulen, er en sentral del av dette.

8.2.4. Tenester og oppgåver i tenesteområdet

- Kommunen har overkapasitet på barnehageplassar. Hovudopptaket er i februar, men det vert teke inn nye barn gjennom heile året. Alle som treng barnehageplass, får plass så snart det er sikra nok personale. Med fødselstala i 2018 ser det ut til at det ved starten av barnehageåret 2019-2020 vil være ca. 75 ledige plassar for barnehagane totalt i kommunen. Dette utgjer ein overkapasitet på vel 30 %.

- Dei tilsette i barnehagane har høg kompetanse og mykje erfaring
- Barnehagane i Øystre Slidre driv svært fleksibelt med tanke på både brukarar og tilsette

8.2.5. Arbeidet i barnehagane

- Det er viktig med ekstra innsats der barn har ei forsinka språkutvikling. Til dette arbeidet har kvar barnehage ein stillingsressurs på 20 %.
- Dei tilsette har hatt stor merksemd på omsorg. Omsorg i barnehagen handlar både om relasjonen mellom personalet og barna, og om barna si omsorg for kvarandre. Å gje barn moglegheit til å gje og ta imot omsorg, er grunnlaget for utvikling av sosial kompetanse, eit viktig bidrag i eit livslangt læringsperspektiv
- Alle barn skal trivast i barnehagen, dette er dei vaksne sitt ansvar. Dei tilsette brukar både observasjon og samtale for å vere sikre på at barna trivast
- Barnehagane legg vekt på å vere mykje ute og å ha ulike aktivitetar gjennom heile året. Nærmiljøet er ein viktig arena som barnehagane nyttar seg mykje av

8.2.6. Privat barnehage

Heggebø barnehage er godkjent for 36 plassar for barn i alderen 1-5 år. I 2018 vart det overført kommunale tilskott til Heggebø barnehage på 3,6 mill. kr, fordelt på drifts- og kapitaltilskot.

8.3. Kultur

8.3.1. Viktige saker i 2018

- Kulturprisen tildelt Gaute Lein Ausrød
- Frivilligpris til dei frivillige ved Frivillighetssentralen
- Ungdomsklubben i gang i nye Ungdomens kulturhus Gapahuken
- Stølsveko, ei aktivitetsveke for born, eit populært og veldig bra tiltak
- Kulturskulen har høg kvalitet og stabilt elevtal
- Biblioteket er bra besøkt og har høgt utlån
- Frivilligcentralen har stor aktivitet
- Fjellstafetten er ein årleg suksess
- Furstrand friluftsanlegg godt besøkt i sumar

8.3.2. Mål og måloppnåing

Utdrag fra mål:

- Skal ha eit oppvekstmiljø som gjev trygge, glade sjølvstendige og skapande barn og unge
- Skal arbeide for eit breitt tilbod innan friluftsliv, kultur og idrett
- Barna skal få moglegheit til utvikling
- Skal ha eit variert tilbod både i arbeids- og fritidssituasjonar
- Skal stimulere til frivilligkeit, spesielt overfor eldre, både heimeverande og i institusjon

Hovudmål kultur

- Stimulere til møteplassar innanfor kulturlivet. By innbyggjarane eit mangfold av kulturtilbod, kulturell og kunstnarisk impuls, innsikt og kompetanse.

Måloppnåing

Dei ulike måla går over i kvarandre. Omtalen under indikerer at arbeidet vi gjer dreg oss i retning av måla.

8.3.3. Om dei ulike områda

Øystre Slidre kulturskule

Kulturskulen har dette året hatt 180 elevar fordelt på enkeltundervisning og grupper. Dei store framsyningane om våren og til jul dreg fulle hus, og dei mange småkonsertane er veldig bra både for nybegynnarar og vidarekomne. Bygda er flink til å vende seg til kulturskulen for innslag på arrangement, møter og festar. Refleksjon over god kvalitet er stadig i fokus og på dagsordenen.

Musikkbarnehagen eit særskilt godt tilbod, som tilfører både rock, klassisk retta og lokal dans og musikk til barna. Sangstunder på sjukeheimen er prega av humør og songglede. Beitostølen helsesportssenter har kvar veke kultertilbod frå kulturskulen i halling. Kultur-SFO er eit godt tilbod på barneskulanane.

Høg kvalitet og smittande engasjement i alle ledd pregar kulturskulekvarden, og vi opplever eit godt samarbeid mellom kulturskule og barnehage/grunnskule, helse og frivillige lag/organisasjonar.

Øystre Slidre folkebibliotek

Øystre Slidre folkebibliotek består av hovudbiblioteket på ØSUS og to skulebibliotekfilialar på Lidar og Rogne skular. Opningstida utgjer til saman 32 timer i veka. Biblioteket har to tilsette på 1,27 stillingar. I 2018 gjekk besøket noko ned, medan utlånet heldt seg stabilt. Me hadde 17 arrangement for barn og vaksne, i tillegg til temautstillingar, klassebesøk, dataundervisning for eldre og brukarorienteringar. Biblioteket blir også brukt til vidareutdanning, til norskopplæring for flyktningar og som sosial arena. Me låner ut lesesalen til møterom til fleire lag og organisasjonar, og har også eit rom for dataspel for barn og unge.

Idrett, friluftsliv og kulturarrangement 2018

Fjellstafetten vart arrangert for 17. gong, med 12 506 namn i bøkene. Kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet vart rullert, og spelemiddelordninga utløyste 2 søknader på ordinære anlegg. 17. mai vart eit vellukka arrangement med godt økonomisk overskot for FAU.

Næringspris, frivilligpris og ungdomspris vart delt ut på tre ulike arrangement.

«Den kulturelle skulesekken» bidreg med viktig kulturformidling til grunnskuleeleverne. I tillegg til produksjonane vi får gjennom ordninga, kjøper vi lokale produksjonar. Valdresmusea tilbyr gode produksjonar på kulturarv, og saman med vår eigen kulturplan får elevane i grunnskulen eit variert og breitt tilbod.

«Den kulturelle spaserstokken» bidreg med viktig kulturformidling til eldre, og har i år hatt 4 konsertar. Furstrand friområde vart bemanna i heile sumar til kioskdirft og utlån av utstyr frå Utstyrssentralen.

Øystre Slidre frivilligsentral

Øystre Slidre frivilligsentral har stor aktivitet og saman med frivillige lag og organisasjonar utgjer dette eit allsidig tilbod for innbyggjarane i Øystre Slidre. Hovudmålet for frivilligsentralen er å vere eit kraftsenter for folkehelsearbeid og frivillig verksemd i kommunen.

I 2018 har frivilligsentralen hatt 70 enkeltfrivillige som har utført ca. 4 500 timer frivillig arbeid fordelt på 13 faste aktivitetar og fleire enkeltarrangement og prosjekt; trimgrupper,

handarbeidstreff, babytreff, dansekveldar, musikktreff, lesestund, kafé, administrering av ustyrsentralen, bygging av gapahuk m.m., i tillegg til enkeltarrangement som frivilligtreff, skogs- og fjellturar, Stølsveko og folkehelseveke. Det er stor etterspurnad etter nye tilbod for både flyktningar, barnefamiliar og eldre. Frivilligsentralen har to tilsette og ein stillingsressurs på 100 %. 40 % av denne ressursen skal også dekke det generelle folkehelsearbeidet i kommunen.

Lokala til frivilligsentralen på Moatunet er særskilt trivelege og på aktivitetar som fredagskafé og dansekveldar er det fulle hus.

Kulturtilskot

Det er gjeve kommunalt kulturtilskott slik:

Tabell 8-5 Kulturtilskot fordelt på føremål

Kulturtilskot	Regnskap	Budsjet	Regnskap
	2018	2018	2017
Idrett - driftsstøtte	343 357	460 000	423 000
Idrett - tilskott til anlegg	466 000	400 000	377 084
Friluftsliv	33 000	40 000	142 000
Aktivitet barne og unge	48 000	140 000	83 000
Musikk og andre kulturtiltak	353 177	510 000	317 420
Museum	161 051	125 000	146 160
Sum tilskott	1 404 585	1 675 000	1 488 664
Kyrklege fellesråd	2 600 000	2 600 000	2 765 000
Andre religiøse trussamfunn	65 709	65 000	55 632
Sum	2 665 709	2 665 000	2 820 632
Totalt	4 070 294	4 340 000	4 309 296

Ungdomsarbeid

2018 vart eit merkeår for ungdomsarbeidet i Øystre Slidre. Etter 18 års drift på Heggenes flytta ungdomsklubbtildobet inn i nye lokale i Ungdomens kulturhus Gapahuken, med opning 31. august. Gapahuken er eit fleirbrukslokale for kommunale instansar og frivillige lag og organisasjonar, som i hovudsak driv aktivitet retta mot ungdom, men òg mot kulturlivet elles.

Klubbtilbodet merka ein markant nedgang i besøkstala ved oppstarten hausten 2018. Dei som var kjende med tilbodet på Furstrand kjende nok at den opne Gapahuken er eit meir ope og sosialt bygg, og at tilbodet endra seg litt deretter frå Furstrand. Dei siste par åra har me hatt stor pågang med ungdom frå andre kommunar på opningskveldane, og gjerne litt eldre ungdom. I løpet av hausten snudde dette, og dei besøkande er no primert øystreslidringar i ungdomsskulealder. Dette ser me som ei naturleg utvikling, og me kjenner at me er godt i gang med å bygge opp ei ny kjerne kring ungdomen på ungdomsskulen. Me opplever at samarbeidet mellom kulturskule og ØSUS vert betre. Me har høge ambisjonar for drifta, og har mange idear med oss inn i 2019.

Gapahuken har klubbtildob med ulike aktivitetar onsdag frå 14.45-19.00, og fredagar frå 18.30-22.00. Gapahuken har fire tilsette og ein lærling, der ungdomskonsulenten har det overordna ansvaret for huset, personalet og drifta. Aktiviteten er variert og som oftast etter ynskje frå ungdomen, og vert gjort synleg via Gapahuken sine Facebook-sider, på Instagram og Snapchat.

Ungdomsrådet

Ungdomsrådet har hatt 10 møte i 2018. Rådet har mellom anna vore delaktig i den endelige utforminga av Gapahuken, og arrangert temakveld for ungdom om ungdom og psykisk helse med utgangspunkt i tala frå *Ung data*. Ungdomsrådet består av ungdom frå 14-19 år.

Ungdomsrådet gav pengestønad til møblar i Gapahuken i 2018.

Kommunen held fram med det gode samarbeidet med dei andre valdreskommunane om å arrangere UKM i kulturhuset på Fagernes.

Elevråda ved Lidar skule og Rogne skule tok del i forhandlingsmøtet med formannskapet i november.

8.3.4. Oppsummering

Bibliotek, ungdomsklubb og frivilligsentral skapar varierte tilbod og gode møteplassar. Kulturskulen driv opplæring, bygger identitet og meistring, og er eit ressurssenter for alle innbyggjarane. Heile kulturavdelinga skapar lokal fellesskapskjensle, og er limet som bygger opp og tek vare på lokalt kulturliv, tilrettelagt av kreative og entusiastiske kulturarbeidarar.

8.4. Flyktningtenesta

8.4.1. Mål

- Skaffe eigna bustader
- Sikre god opplæring i norsk og samfunnsfag
- Få til ei god og rask integrering

8.4.2. Målloppnåing

- Det vart busett 2 personar i 2018.
- Kommunen vart ikkje oppmoda om buseetting i 2018.
- Alle har fått bustad.
- Vi kjøper introduksjonsprogram av Nord-Aurdal kommune frå 1.1.2019 etter at Valdres KompetanseVekst AS gjekk konkurs i løpet av 2018. Siste månad i 2018 vart desse tenestene kjøpt frå Etnedal kommune.
- Integreringskonsulenten sikrar at integreringsprosessen kjem rask i gang og på ein god måte, og rådgjevaren ordnar med bustadar og andre administrative oppgåver. Flyktningane finn seg godt til rette og er ein del av lokalmiljøet.
- Ein del av flyktningane har kome så langt at dei har fått jobb og forsørgjer seg sjølve, nokre tek meir utdanning for å bli kompetente arbeidstakarar.

8.4.3. Tiltak for å nå måla

- Flyktningtenesta i kommunen har i 2018 vore bemanna med 100 % stilling som integreringskonsulent og ei rådgjevarstilling på 80 %.
- Norskopplæringa i skule og barnehage er styrka med ei 50 % språklærarstilling både i barnehage og skule i 2018.
- Internt i kommunen er det gode rutinar når det gjeld bustader (herunder m.a. vaktmeistertenester)
- Saman med Valdres kompetansevekst AS er det skaffa mange språkpraksisplassar både i det private næringslivet og i det offentlege i kommunen

8.4.4. Tenester og oppgåver i tenesta

- Busetjinga har gått greitt, men vi er ein del på leit etter høvelege bustader, i og med at behovet har endra seg med familiar og einslege som gjerne vil bu åleine.
- Systematisk, sosial infrastruktur er skapt gjennom fadderordninga. Mange innbyggjarar i Øystre Slidre har teke på seg oppgåva å vere fadder for ein flyktning. Frivillige lag og organisasjonar har stilt opp når dei er vortne spurde, men har også teke initiativet sjølv til integreringsaktivitetar for flyktningane. Fleire arrangement er gjennomført i løpet av året, både av flyktningtenesta åleine, men også i samarbeid med frivilligsentralen og lag og foreiningar.
- Flyktningtenesta er eit komplisert tenesteområde som heng tett saman med t.d. teknisk drift, økonomi, Nav, helse og opplæring.
- Valdreskommunane har inngått samarbeid med Valdres vgs. om en satsing knytt til ei klasse på vidaregåande skole.
- I 2018 har vi kjøpt realkompetansevurderingar frå Nordre Land kommune.

9. Helse og omsorg

9.1. Mål

Følgjande av kommunen sine delmål har spesiell relevans for området Helse og omsorg:

Vekst i kvalitet

- Øystre Slidre kommune skal, gjennom effektiv ressursbruk tilby tenester som i kvalitet og innhold tilfredsstiller innbyggerane og gjestene sine grunnleggande behov.

Alle skal med

- Øystre Slidre kommune skal ha eit oppvekstmiljø som gjev trygge, glade, sjølvstendige og skapande barn og unge.
- Øystre Slidre skal vere ei god bu- og arbeidskommune, med variert tilbod både i arbeids- og fritidssituasjon
- Øystre Slidre kommune skal stimulere til frivillig innsats, spesielt overfor eldre, både heimeverande og i institusjon.

Offensiv organisasjon

- Øystre Slidre kommune skal vere ein og serviceorientert organisasjon som er brukar- og serviceorientert.

Folkehelse, omsorg og sosiale tenester

- Øystre Slidre skal vere over snittet i landet på alle felt knytt til folkehelse, omsorg og sosiale tenester. Øystre Slidre skal gjennom strategisk arbeid på tvers av sektorar vere betre enn snittet i landet på alle punkt i folkehelseprofilen. Kommunen skal gjennom eigne tenester og regionalt samarbeid syte for at våre innbyggjarar får muligkeit til ein sunn livsstil, med tryggleik for at ein får den hjelpa ein treng når ein treng det.

9.2. Verksemndene

9.2.1. Miljøtenesta

Avdelinga består av:

- Bustader for psykisk utviklingshemma
- Burettleiing for målgruppa
- Barneavlasting

Tiltak for å nå mål i 2018 frå økonomiplan

- 2 tilrettelagte leilegheiter blir bygd på Brennebakkin
- Utvide barneavlastingstilbodet for enkelte born
- Bemanne 2 nye bustader
- Rekruttere vernepleiarar i ledige stillingar
- Gradvis omlegging til meir reine nattevaktstillingar
- Skifte av terrassegolv ved inngangane på Brennebakkin

- Lydisolering mellom to leilegheiter på Brennebakkin
- Plan for utskifting av tenestebilar

Kommentarar til måloppnåing:

- Oppføring av nye bustader er under arbeid. Planen er nå at desse skal stå ferdige til sumaren 2019. Det er sett av pengar til bygging, midlane er overført til 2019. Behovet for personale til nye bebuuarar er lagt inn i budsjettet for 2019.
- Behovet for avlasting har vore stabilt i 2018 når det gjeld talet på brukarar. Timetalet per månad er stigande for enkelte brukarar. Avlasting er i stor grad lagt til avlastingsbustaden på Brennebakkin, med unntak av eit par avtalar med private.
- Det er rekruttert inn ein ny vernepleier i 2018.
- Det er tatt enkelte grep for å legge fleire nattevakter til reine nattevaktstillingar.
- Det står att utskifting av terrassegolvet framfor inngangane på Brennebakkin og oppgradering av uteområdet.
- Lydisolering mellom to leilegheiter er nå utført.
- Ny tenestebil er kjøpt i 2018.

9.2.2. IHT - Institusjon og heimebaserte tenester

Tiltak for å nå mål i 2018 fra økonomiplan

- Starte prosjekt for å redusere uønskt deltid.
- Tilsette sjukepleiar med vidareutdanning i demens/geriatri
- Implementere kvardagsrehabilitering i ordinær teneste.
- Utskifting av 3 bilar.
- Opne opp att to rom i underetasjen på sjukeheimen som ei løysing for å mellombels auke kapasiteten på heildøgnplassar.
- Om naudsynt kjøpe plassar, t.d. i Vang og Vestre Slidre.
- Etablere tenester i fire omsorgsbustader Moavegen 1.
- Skaffe utstyr for m.a. å trygge demente og gje desse meir fridom til å bevege seg «fritt» - ikkje lagt inn i budsjettet.
- Vidareutvikle kvardagsrehabilitering som alternativ til opptrening i institusjon og ha fokus på førebygging. Auke med 30 % fysioterapeut i motorteam – kvardagsrehabilitering.

Kommentarar til måloppnåing

- Dei tre siste åra har vi opplevd ein stor pågang av tenester på sjukeheimen. For å bøte på dette opna vi i 2016 midlertidig 3 rom i underetasjen, og inngjekk samstundes avtale med to nabokommunar om kjøp av sjukeheimspllassar. I 2018 har vi kjøpt 22 døgn i Vang kommune.
- Omsorgsbustad Moavegen 25 er styrka i bemanning då vaktlengdene er forlenga.
- Omsorgsbustadane Moavegen 1og 3 stod ferdig i desember 2017 og leilegheitene er teke i bruk etter husbanken sin kriterier.
- Når det gjeld utstyr til demente for at desse skal kunne bevege seg meir fritt er dette sett på vent, då vi er med i det regionale prosjektet «Velferd i Valdres» som skal greie ut velferdsteknologiske løysingar for heile regionen. Sluttrapport med tiltaksplan skal

leverast 2020. I tillegg har 5 stk. gjennomført vidareutdanning i innovasjon og velferdsteknologi.

- Kvardagsrehabiliteringsteamet har gjennomført førebyggjande heimebesøk i aldersgruppa 70 – 74 år som prosjekt etter tildelte innovasjonsmidde i 2017. Innsatsteamet er auka med 30 % i kvardagsrehabilitering.
- Vi søkte og fekk tildelt kr 200 000,- i innovasjonsmidlar i 2018 til rehabiliteringsprosjektet. Prosjekt består av førebyggjande heimebesøk i aldersgruppa 75-79 år, samt start på prosjektet «Lyst på livet».
- Vi har oppnemnt demenskontakt i kommunen.
- Prosjekt uønskt deltid held fram i 2019.

Tabell 9-1 Utskrivinga IHT i 2018

Tal 2018	
Til eigen heim	51
Frå korttid til langtidsopphald	11
Frå eigen heim til langtidsplass	0
Frå avlastning til langtidsplass	1
Avlastingsopphald	35 avlastingsopphald fordelt på 8 personer, der av 4 er rullerande
Dødsfall	29
Korttidsopphold	60 korttidsopphold, dvs. 1558 døgn, 3 på rullerende korttids

Generelt

- Mobil omsorg har bidrige til at dei tilsette er godt nøgd med å kunne dokumentere og finne aktuell dokumentasjon medan dei er ute på oppdrag i heimane. Dette har styrka pasienttryggleiken, samt effektiviteten i heimetenestane.
- Strø og balansetreningsprogrammet er vidareført, og det er god etterspurnad og brukarane er fornøgde med tilbodet.
- Auka bemanning/vaktlengder på avdeling Kårstogo.
- Gjennomført brukar- og pårørandeundersøking.
- Oppstartsfase mot nytt Helsetun – Fleire prosjektgrupper er sett ned.
- Medarbeiderundersøking 2018.
- Gjennomført internundervisning og e-læringskurs i tvang og makt jfr. § 4a. i Helse- og omsorgstjenesteloven.
- Innført internundervisning annankvar fredag.

9.2.3. Helseavdelinga

Inneheld:

- Administrativ leiing
- Legetenesta
- Helsestasjon og skulehelseteneste
- Fysioterapi
- Frisklivssentralen og Folkehelsekoordinator
- Arbeid og Aktivitet
- Psykisk helseteneste
- SMISO (kjøper teneste av Gjøvik kommune)
- Krisesenter (kjøper teneste av Ringerike kommune)

Helseavdelinga har eige administrativ leiar. Fagleiarane på kvar teneste har ansvar for å drive og utvikle dei ulike fagområda. Avdelinga har fokus på at samhandling skal bidra til god folkehelse, førebyggande tenester og samanhengande behandlingsløp. Helsestasjonen har to helsesjukepleiarar der den eine søkte omsorgspermisjon på slutten av året. Dei er no godkjente som TIBIR-rådgjevarar. (TIBIR = tidlig innsats for barn i risiko.)

Helsestasjon og Psykisk helseteneste har eit sterkt engasjement for barn og familiær, og dei har auka kompetansen på dette feltet for å stå best mogeleg rusta til å møte utfordringane. Fokus dette året har vore prosjektet Familiestøtte, eit opplæringsprogram for å bli betre rusta til samhandling med pårørande og familiær. Fagleiar i PHT sa opp stillinga si og hausten gjekk for å rekruttere ny fagleiar.

Helseavdelinga har dyktige tilsette med lang erfaring og god kompetanse. For å sikre kontinuiteten i tenestane er det fokus på rekruttering.

Avdelinga leverer gode tenester men det er framleis utfordringar med rekruttering spesielt på legesida. Den eine fastelegen søkte permisjon frå 1. september og vi fekk vikar inn i praksisen og stillinga som sjukeheimslege.

Tiltak for å nå mål i 2018 frå økonomiplan

- Tilsette 4. fastlege
- Auke ressurs i psykisk helseteneste. 55 % stilling for psykiatrisk hjelpepleiar vart utvida til 100 % psykiatrisk sjukepleiar (dvs. ein behandlerfunksjon)
- Oppstart med Feedback Informerte Tenester (FIT) i psykisk helseteneste.
- Få til rom med dusjmogelegheiter på Arbeid og aktivitet
- Auke bemanning i hjelpepersonellet på legekontor
- Sikre Stølsveko med eige budsjettpost.
- Aktivitetspott til barn og unge.

Kommentarar til måloppnåing

- Vi lukkast ikkje med å rekruttere ny fastlege i 2018.
- 55 % Hjelpepleiar vart omgjort til 55 % psykiatrisk sjukepleiar.
- Prosess med å skape moglegheiter for dusjrom står på vent.
- Fann ikkje rom for å auke stilling på legekontor.
- Sikre budsjett Stølsveko og aktivitetspott for barn og unge vart avklart ligg til Oppvekst og kulturområdet. Blir fylgt opp der.
- Feedback informerte tenester FIT er starta opp, 4 nye smarttelefonar og 3 nye IPad er innkjøpt som verktøy.

Viktige hendingar:

- Leiar for Helseavdelinga flytta sin kontorplass til Tingvang.
- Psykisk helseteneste har flytta kontora sine internt på Tingvang. NAV flytta til Fagernes og PHT overtok lokala i slutten av året.
- Det vart tilsett kommunepsykolog i samarbeid med Vestre Slidre og Vang i slutten av året. Ho er tilgjengeleg for oss ein dag i veka og skal ha fokus på barn og unge.

Arbeid og aktivitet

- Vart rekordtidlig utseld for ved, hadde ny omsetningsrekord.
- Vindestogo har fått på plass fast møtestruktur med IHT/Systemkontor.

- Vindestogo stiller lokale for pårørandekveldar.

Folkehelse

- Stolpejakt: Har samarbeidd med Øystre Slidre IL om finansiering av Stolpejakt i Løkjisskogen, Heggenes 2017/2018.
- Ferdigstilte gapahuken i Løkjisskogen med opning saman med Tingvang barnehage hausten 2018.
- Stølsveko: Friluftskule for barn 10-13 år. Aktivitetar til fjells i fem dagar. Samarbeid med fjellstyre, helsestasjon, stølseigarar og Beito Aktiv. Sjette året Stølsveko vart arrangert.
- Utstyrssentral: Eit samarbeidstiltak med Arbeid og Aktivitet om gratis utlån av sport- og friluftsutstyr. Har hatt 138 lånetakarar som har lånt totalt ca. 635 sportsartiklar i 2018. Store deler av dette vart utlånt på Furustrand i sommar av kioskvakta der. Utstyrssentralen har gradvis utvida utstyrsparken sidan 2010 og har kjøpt inn utstyr for totalt kr. 370 000.
- Integrering av flyktningar: Eit samarbeidsprosjekt med flyktningtenesta om aktivitetstiltak for flyktningar der vi m.a. har tilbydt aktivitetskontaktar og arrangert skidag.

Friskliv

- Arrangerte sovnkurset «Sov Godt» for 1.gong hausten 2018 med 18 deltagarar.
- Brukarar av treningsrommet er godt fornøgd med gruppetilboda og eigentreningstid.
- Ca. 35 deltagarar på balansetrenings kvar tysdag i treningsrommet.
- Stor etterspurnad etter treningskontakt for både barn og vaksne, og i 2018 hadde vi problem med å skaffe mange nok.

9.3. Utfordringar i området for helse og omsorg

Vi opplever auka utfordringar når det gjeld å rekruttere kvalifisert personell til pleie og omsorgssektoren. Tidligare har dette vore knytt opp til rekruttering av sjukepleiarar og vernepleiarar. No ser vi det er like utfordrande å rekruttere helsefagarbeidarar.

Det er aukande bekymring når det gjeld legevaktordninga i Valdres fordi ein stor del av legane i nær framtid vil nå grensa på 60 år dei nærmaste åra, noko som er til hinder for at vi kan tilplikte dei legevakt vidare. For Øystre Slidre kommune sin del skal vi bidra med tre legar til vaktordninga, noko vi slit med fordi vi no har vakansar i to legestillingar. Vi må forvente å måtte leige inn legevikarar for å oppfylle forpliktingane våre i ordninga.

Det er og slik at fastlegeordninga er under stort press, då færre søker seg til ei gjerning som allmennlege. Færre ynskjer vaktbelastninga det fører med seg å gå legevakt. Dette gjer det vanskelegare for kommunane å rekruttere fastlegar.

I takt med at Staten bygger ned behandlingskapasitet i psykiatrien og legger meir ansvar over på kommunane, vil vi måtte etablere avbøtande tiltak i kommunen. Dette er ein prosess vi er i gang med ved at det er laga ei regional plan som syner utfordringane og kva vi bør styrke i den enkelte kommune.

Mange av leiarane i Helse og omsorg er over seksti år og kan gå av med KLP om dei ynskjer det innan kort tid. Dette må vi sette fokus på med tanke på å sikre kontinuiteten i leiarskapet.

9.4. Folkehelseprofilen 2019

Sjå vedlegg (Kapittel 19).

10. Tekniske tenester

Området tekniske tenester omfattar:

- Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg
- Eigedom forvalting
- Kommunale vegar
- Tenester innan vatn og avlau

Totalt sett er teknisk avdeling godt tilgjengeleg. Dette gjeld både på telefon og e-post. I tillegg gjev vaktordninga innanfor VA-tenesta 100 % tilgjenge for publikum.

10.1. Viktige saker og hendingar i 2018

- Øystre Slidre ungdomsskule er fortsatt under rehabilitering
- Det er bygd ny ungdomsklubb, «Gapahuken» vart opna i Mai
- Resten av Tingvang kommunehus vart måla utvendig
- Uthus og uteområde Rogne skule vart ferdig
- VA Kjøk – Nordtorp var ferdig
- VA Nordtorp – Sæle ferdig
- VA Ferdigstilling av prosjekt Dalsvegen

10.2. Mål og måloppnåing

Teknisk drift har som mål å fortsatt få til god kvalitet på tenestene som avdelinga utfører. Dette krev god samhandling i avdelinga og god tilgjenge for brukarar. Teknisk avdeling jobbar kontinuerleg med å implementere dei overordna måla i Øystre Slidre kommune. Dette var ei viktig sak for avdelinga i økonomiplan for 2015-2018. Måla er no implementert i avdelinga, og er sentrale i planlegging og utøving av tenestene som Teknisk drift har ansvar for.

Mål i 2018

- Vidareføring av ressursane på dagens nivå
- Kompetanseutvikling
- Vidareutvikla rutinar ved alle tekniske tenestar
- Legge ytterlegare til rette for tilkopling til vatn og avløp
- Optimalisere leidningsnett – redusera lekkasjar
- Gjennomføring av investeringsprosjekt

10.3. Kommunale eigedomar

Kommunale tomteområde

Øystre Slidre kommune har byggefelta Solhauglie, Beitoagin, Klyppemyrhaugen og Løkjisskogen. I tillegg er det tomter ved gamleskulen i Volbu. Det er selt tre tomter i Klyppemyrhaugen og ei tomt i Solhauglie. Elles har det vore stille i dei andre områda i 2018. Kommunen sine nettsider er oppdaterte med lenke til prospekt og reguleringsføresegner.

Kommunale bygg og vaktmestertenester

Det har igjen vore eit aktivt år på dette området. Mange oppgåver har vi gjort sjølve, men dei store oppgåvene var ute på anbod, t.d. bygging av Gapahuken og måling av Tingvang kommunehus.

Større oppgåver som vaktmeistarane sjølve har teke på seg er opprusting av leilegheiter ved Moavegen 43, oppussing av korridorar på ØSUS. Vidare er det delt av klasserom på Rogne skule og det har vorte skifta vindauge og gjort diverse vedlikehald på Bjødnholen.

Vi hadde i 2018 ein vinter med mykje snø og kulde. Dette resulterte i at det på gamle helsehuset vart mykje is på tak og veggjar. Dermed vart det ei stor vasslekkasje frå taket. Vi valde å legge varmekablar på taket, og vi fekk vekk ein del is, men ikkje alt. Resultatet til våren var at ei av leilegheitene vart ubebueleg.

Moavegen 1 og 3

Det blei bygd eit nytt leilegheitsbygg i kommunal regi i sentrum av Heggenes i 2017. Vi har i 2018 fått ferdig uteområdet og det er også bygd ei bod som no er innreidd.

Øystre Slidre ungdomsskule

I 2016 løyvde kommunestyret midlar til rehabilitering av ØSUS, m.a. etter pålegg frå Arbeidstilsynet og Mattilsynet. Det blei gjort mykje i 2016 og vi har fortsatt i 2017 og 2018. I 2018 har vi sett i nye utvendige dører der det var behov. Vi har skifta låsesystem og montert kortlesarar på utgangsdører. Dette for å få ei såkalla «nøkkelfri skule». Grunnen var at det var mykje nøklar på avvegar, og at det oppheld seg folk på skulen utanom opningstid m.a. i symjebassengen. I symjehallen har vi skifta vindauge. Vi har skifta dører i rømmingsvegar. Vi har òg måla veggjar. Likeins har ein pussa opp nokre korridorar i garderobedelen i kjellaren. Det kom også eit pålegg frå Arbeidstilsynet angåande sløydsalen. Der vart vi pålagt å byte ut maskinene og å installere avtrekk på desse. Arbeidet er i gang og vil fortsetta inn i 2019.

Sjukeheimen

Sjukeheimen blir kontinuerlig pussa og flikka på. I 2018 har vi pussa opp nokre leilegheiter i Moavegen 43.

10.4. Reinhaldstenesta

Reinhaldsleiaren i kommunen har laga reinhaldplanar for fleire bygg i andre kommunar. Dette vil ein fortsetta med framover. Kommunen har fortsatt med å arrangere ein felles fagdag for alle kommunale reinhaldarar i Valdres i samarbeid med leverandør. Det var nærmere 100 reinhaldarar som deltok på seminar og minimesse på Tingvang. Dagen var lagt opp med forskjellige faglige seminar som HMS, maskiner og golvbehandling, motivasjon, samt felles lunsj og minimesse.

10.5. Kommunale vegar

Vi starta i 2015 kartlegging av vedlikehaldsbehova på vegane, som for eksempel innmåling og registrering av alle stikkrenner. Dette blei gjort for å kunne lage ein god vedlikehaldsplan. Det blei òg satt av pengar i økonomiplanperioden 2018–2021 til å asfaltere kommunale vegar.

Det vi har prioritert i 2018:

- Asfaltering av kommunal veg i Krøsshaugen. Dette var ein del av investeringane i 2018.
- Volbuvegen er rusta opp med grøfting, hogging av tre og reinsking av stikkrenner.
- Som vanleg har det vore ein travel vår der vi har hatt ein del vedlikehald, som grusing, høvling, skilting og tining av stikkrenner. I tillegg har det vore ein god del rydding av skog og kratt for å betre trafikksikkerheit og redusere generell attgroing.

10.6. Vatn og avlaup

Mål

- Sikre abonnentane og godt vatn
- Hindre forureining
- Vidareutvikle og forbetre rutinar
- Legge ytterlegare til rette for tilkopling til kommunalt vatn og avløp
- Kontrollere, dokumentere og dermed redusera lekkasjar på vassleidningar og framandvatn inn på avløp
- Utføre dette på økonomisk best mulig måte

Tiltak

Både årsrapportar frå Driftsassistansen for vann og avløp i Oppland (DIO) og prøveresultat viser at vi har god kontroll på anlegga våre.

Fortsatt er biokjemisk oksygenforbruk (Bof 5) på Nedrefoss ei utfordring, så her må vi inn med tiltak snarast. Arbeidet med å kvalitetssikre og gå vidare med dette prosjektet må i gang.

Vassforsyning

Tenesta omfattar drift og vedlikehald av Ole vassverk (som forsyner Beito, Beitostølen og Skammestein) og Kollstad vassverk (som forsyner frå sør t.o.m. Rogne skule). Lekkasjesøk blir prioritert og er ei kontinuerlig oppgåve.

Ole vassverk

Ole vassverk leverer vatn med stabilt god kvalitet. Ole VV fungerer godt. Det har i 2018 ikkje vore driftsstans på det kommunale hovudnettet som har gjort nettet trykklaust. Det er det private nettet som står for lekkasjen. Slike lekkasjar blir påvist og reparert. Arbeidet med lekkasjesøk vil fortsatt ha høg prioritet på bar mark.

Kollstad vassverk

Kollstad vassverk leverer vatn med stabilt god kvalitet, og det har i 2018 ikkje vore driftsstans på det kommunale hovudnettet som har gjort nettet trykklaust. Vidare plan på korleis forsyninga til Kolstad VV vil bli er spennande. Dette er viktig for å kunne ha ei sikker vassforsyning i sør.

Avlaup

Kontroll og vedlikehald av avløpsnettet vil få høgare prioritet enn tidlegare. Vi tok i bruk eit internkontrollsysteem for avløp i 2016, som i større grad enn før dokumenterer vedlikehaldet vårt og gjev oss betre kontroll. Dette er ei god hjelpe i det daglege arbeidet.

Beito reinseanlegg

Ved normale driftsforhold fungerer anlegget bra, med 12 prøver som tilfredsstiller krava for akkreditert prøveuttak. Det er litt for liten kapasitet i høgsesongar (spesielt påske), då konsentrasjonen av organisk stoff kan bli for høg. Vi ser at dette vil by på utfordring framover. Drifta av Beito RA går godt. Utfordingane ligg fortsatt på toppbelastninga ved høgtider som jul, nyttår og påske.

Nedrefoss reinseanlegg

Nedrefoss RA har ikkje optimal reinsing av organisk stoff og har reinseresultat heilt på grensa av det som er tillate. Her viser ein vesentleg del av prøvene resultat som er därlegare enn

kravet. Men anlegget fungerer godt, Nedrefoss RA har etter kvart fått ei stabil drift. Det er fortsatt Bof 5 (biokjemisk oksygenforbruk) som er utfordringa. Arbeidet med å kvalitetssikre reinseprosessen må i gang snarast. Det bør settast i gang prosjektering og bygging av nytt reinseanlegg. Dette er viktig no når nye leidningar og reinseområde skal koplast til framover. Målet er fremdeles å optimalisere reinseprosessen ut frå dei forholda vi har.

Ygna reinseanlegg

Ygna RA behandler ganske små mengder, og prosessen her fungerer godt.

10.7. Investeringsprosjekt/utbyggings i 2018

ØSUS – Rehabilitering

Sjå kap. 10.3.

Moavegen 1 omsorgsbustader

Sjå kap. 10.3.

Kalndlager og uteområde Rogne skule

Det er bygd eit lagerbygg for lagring av diverse som ski og skøyter m.m. til skulen, samt at det er ein del uteriskap til både skulen og vaktmestarane som skal lagrast der. Det er pynta og rydda rundt lagerbygget etter bygging samt riving av gamle skulen.

Brennebakkin – bustader

Kommunen har starta bygging av 2 nye bustader på Brennebakkin som blir ferdigstilte i 2019.

Ungdommens Hus

Det er bygd nytt ungdomshus «Gapahuken» i nærområdet til ungdomsskulen. Det var byggestart hausten 2017. Huset blei opna i mai 2018.

Det er òg bygd eit amfi i tilknyting til skatepark og Gapahuken hausten 2018.

Gang og sykkelvegar/turvegar

Avhengig av avtaler med fylkeskommunen er det føresett løying til gang og sykkelveg Beitostølen - Lidar. Det er starta bygging og rehabilitering. Blir ferdigstilt fram til Myhre gard i 2019.

10.7.1. Utbyggings på VA

VA Lidar – Sælid

Parsell Kjøk – Nordtorp vart fedigstilt i juni 2018. Parsell Nordtorp – Sæle vart òg ferdigstilt juni 2018. Avløpsleidningen frå BHHS til Sæle vart sett i drift. Føremålet med dette prosjektet er å legge til rette for utvikling av Skammestein, og avkloakkere heile eller delar av Beitostølen fram til Nedrefoss RA.

VA Sælid – Nedrefoss

Prosjektering av leidningen frå Storefoss pumpestasjon og over sagbrukstomta er gjennomført i 2018.

VA Raubrøtmoen – Djupedalen

Prosjektet er første byggesteg i avkloakkering av Robøle og Gravfjellsområdet. Fyrste del av prosjektet er eit samarbeidsprosjekt med Vindin Vassverk SA.

Overvatn sentrum

I samband med utbygging på Beitostølen har ein bygd VA-leidningar gjennom sentrum. Dette var eit omfattande prosjekt med mange utfordringar, men er ei god investering for framtida. Siste del av dette prosjektet – «Bergojordet» – skal byggast i 2019.

11. Næring og byggesak

11.1. Generelt om avdelinga og hendingar i 2018

Avdeling for næring og byggesak har oppgåver med å forvalte kommunen sitt ansvar etter mange ulike lovverk. I tillegg kjem forvaltningsoppgåver knytt til planar og oppfølging av ulike politiske vedtak, eigedomsskatt og næringsutvikling.

Også i 2018 har det vore særsmale mange delings- og utbyggingssaker, og det har vore eit år med ekstremt stor byggeaktivitet, der det er handsama spesielt mange og store saker.

Kommunen har generelt god styring og orden i eigedomsgrenser og matrikkelen. Dette har lettet arbeidet med innføring av eigedomskatt. Det er sentralt og særsmale viktig at dette er i orden for effektiv og rask handsaming av mange ulike saker. Vi har innført vilkår om oppmålingsplikt på tomter i samband med byggesøknader, der det ikkje er sikre grenser.

Kommunestyret vedtok «vatn og avløpsplan» ut frå infrastruktursonene i kommunens arealdel. Dette er eit fagleg godt verktøy med omsyn til sakshandsaming av utsleppsøknadar. Saman med kommunalt vedtak om eigen forskrift, og ei fagleg styrking av avdelinga på dette området, bør kommunen vera godt rusta for å gjera sitt til at miljøkvalitetane på vassområdet blir skjøtta godt.

Nasjonalt krav om innføring av nye sakshandsamingsrutinar for saker om konsesjonsfridom, har gitt avdelinga eit betydeleg meirarbeid i høve tidligare praksis. Dette er knytt til registrering av saker i kommunens sakshandsamingssystem og innlegging av data i Kartverkets databaser. Vi handsama 426 saker i 2018.

På næringsutviklingssida ser avdelinga det som ei viktig oppgåve å sørge for god og effektiv sakshandsaming. Dette gjev mange i næringslivet gode rammevilkår. Det er eit mål å auke den utoverretta verksemda. Kommunen og avdelinga har elles god og tett dialog med Beitostølen Utvikling, der vi m.a. sit i styret. Kommunen har vore ein sterkt pådrivar for å få etablert terrengsykkelløype på Beitostølen, og fått på plass alle naudsynte avtaler. Første byggetrinn vart offisielt opna seinhausten 2018. Målet er å utvide dette tilbodet slik at destinasjonen kan tilby eit spanande og nytt opplevingsprodukt.

Næringsfond eigedomsskatt har gitt kommunen nye musklar til å bidra med tilskot og finansiering av ulike prosjekt, vedlikehald av løyper og stiar, samt auke støtta til løypelaga. Dette vil over tid bety mykje for dei som driv næring, og gi særsmale gode opplevingsprodukt for både gjester og fastbuande.

Innan landbruket rår det framleis ein forsiktig optimisme. Det er gledeleg å sjå at det siste året har vore ein del eigarskifte der dei nye brukarane held fram med mjølkeproduksjon.

Turkesommaren gav betydelege utfordringar, både for bøndene og for kommunens forvaltningsapparat. Samla sett ser det ut til at begge partar kom nokså greitt ut av situasjonen.

Det er framleis att attraktive byggeklare tomter for fritidshus og næringsbygg i regulerte område, og det er framleis reserver i Markahøvda. Det er starta opp plan for områderegulering i Størrtjednlie, og godkjente reguleringsplaner i Robølshøvda og på Garli har gitt fleire byggeklare tomter. Det er store mogelegheiter vidare innover Gravfjellet, men det står framleis att ein del avklaringar, spesielt med omsyn til framføring av vatn og avløp, før reguleringsplanarbeid i aktuelle område med tilhøyrande utbygging kan slutførast. Høg byggeaktivitet innanfor sektoren fritidsbustader/fritidsleilegheiter er svært viktig for sysselsettinga i kommunen.

Konkurransen om hyttebyggaren har vorte hard. Vakre kulturlandskap, samt eit ski- og løypenett og andre opplevelingstilbod i beste klasse, er naudsynt for å vinne fram blant konkurrentane. Det er òg viktig å løfte fram nye opplevelingstilbod, som t.d. gode sykkeltraséar.

Talet på ulike typer saker som blir handsama fortset å vekse frå året før. Det syner at Øystre Slidre er ein kommune i positiv utvikling.

Delegasjonssaker inneheld i tillegg til byggesaker, delingssaker, konsesjons- og jordlovssaker, også saker om SMIL-midlar, grøfting, nydyrkning, sjukdomsavloysing, motorferdsel og viltsaker.

11.2. Byggesak

Truleg kjem 2018 til å bli eit merkeår i historiebøkane når det gjeld omfanget på byggeløyver frå kommunen. Parkeringshus, leilegheitsbygg og anna næringsareal på Beitostølen saman med igangsetting av sjukeheimsbygget i kommunal regi har, i tillegg til stor aktivitet elles, gitt rekord i igangsette byggeprosjekt, i alt kring 35 000 kvm.

Sakshandsamingstida per sak har auka, då ein òg fekk eit betydeleg ansvar for å utarbeide det materielle grunnlaget for eigedomsskatten. Det er ei positiv haldning i avdelinga til å ta ansvar for andre og nye oppgåver i slike situasjoner, men vi har hatt sesongmessige utfordringar med å sakshandsame saker innanfor dei fristane som lovverket set.

Avdelinga har utført ein del lovpålagte byggeplasstilsyn. Arbeidet med eigedomsskatten har vist at ein har ei betydeleg bygningsmasse oppført i seinare tid der saka ikkje er søkt om. Ein vil i samarbeid med politikarane drøfte kva retningsliner ein skal ha for handsaming av desse. Ein ser framleis at det blir ført opp bygg og påbygg, utan at naudsynte løyver er på plass.

Avdelinga har utarbeidd ein tilsynsstrategi som er vedteken i formannskapet. Denne gjev rammer for tema, omfang og sanksjonar.

Kommunen landa også temaplanen «Vann og avløpsplan» i 2018. Dette har gir sterke føringar for kommunens forvaltning av utsleppsøknadar. I infrastruktursonene må ein no søke dispensasjon frå føresegnene, men ein har no ei betre fagleg fundament for å gjera gode vurderinger. Dei kommunale ambisjonane om fellesløysingar på sikt kjem fort i konflikt med ønsket om raske individuelle mål om høgstandardhytter. Det blir eit mål å utarbeide retningsliner for korleis ein skal handtere dette. Nærings og byggesak har gjort eit 30-tals tilsyn på bygde avløpsanlegg i Javnlie. Tilsynet har avdekkja mange alvorlege feil og manglar. Det er ein ambisjon å følgje dette opp vidare.

Kommunen vedtok for 2018 å innføre ei særeiga tilskotsordning og eit spesielt regelverk for å redusere kostnadane til bygging av stikkledningar fram til kommunalt nett. Ordninga skal administrerast av Nærings og byggesak. Dette er eit viktig reiskap for å løyse utfordringar med forureining, og å gje fleire av kommunens innbyggjarar nok og godt vatn. Erfaringane så langt er at denne prosessen tek noko tid, og at ein også må sjå dette i samanheng med mindre kommunale utbyggingar av dei kommunale leidningane.

Tabell 11-1 Byggeaktivitet fordelt på type bygg. Tal seksjonerings-/delings- og konsesjonssaker er med

Type sak	2010	2013	2015	2017	2018
Nye heilårsbustader	16	7	1	5	14
Nye hytter/anneks hytte	16	29	32	59	51
Uthus/garasje og andre bygg	60	29	15	23	30
Tilbygg og påbygg bustad	5	9	12	17	7
Tilbygg og påbygg hytter	44	30	24	42	37
Landbruksbygg – tilbygg og nye	15	10	14	4	6
Nærings/forretningsbygg		3	0	12	7
Bygg off. formål					2
Veganlegg	6	4	2	5	8

Utsleppssaker	37	23	33	35	76
Oppmålings- og delingssaker	90	100	119	139	144
Konsesjonssaker	6	10	13	346	426
Seksjonering	1	2	1	3	5

Kring 850 mill. kr i omsetnad og verdiskaping

2012 var første året kommunen berekna areal på bygg for å synleggjere eit konkret volum på nye bygg. Også i 2018 har det vore stor aktivitet på hyttefronten. Det er også gledeleg at bygginga av bustader har kome i gang att, etter at ein i 2015 berre hadde eitt nybygg. Om ein t.d. reknar 35 000 kr/m² for all husbygging til varig opphold, og 10 000 kr/m² for landbruk/næringsbygg, står byggesektoren for ei samla omsetning på meir enn 850 mill. kr, eller om lag 270 000 kr per innbyggjar. I tillegg kjem vedlikehald og oppussingsoppgåver som berre vil vekse framover.


Tabell 11-2 Bebygd areal (BRA) kvadratmeter

Type sak	2012	2015	2016	2017	2018
Bustader	950	910	879	855	1688
Fritidsbustader og anneks	4 360	4 783	8 333	8 274	12 972
Tilbygg bustad			574	191	
Tilbygg hytter			1 318	931	
Garasje/uthus for hytter og bustader	1 620	519	1 679	1 307	1 242
Landbruksverksemد	3 050	1 091	1 866	475	1 665
Anna næring	760	935	1 090	1 900	11 271
Offentlege bygg		0		466	6 127
Totalt	10 740	8 933	14 847	15 169	35 156

11.3. Kart og oppmåling

Vi har ingen etterslep på oppmåling. Talet på oppmålingssaker var i 2018 fortsatt svært høgt, og kommunen gjennomførte 144 oppmålingssaker i 2018.

Figur 11-1 Utvikling i tal oppmålingssaker 1992-2018



Det er fortsatt slik at den største mangelen i matrikkelen i Øystre Slidre er alle tomtene med umålte grenser. Dei fleste av er sokalla «sirkeleigedomar». Desse har heilt ukjente grenser. I fjor vart det innført krav til oppmåling på umålte tomter ved byggemelding. Dette vil over tid

hjelpe noko på tal tomter med umålte grenser, men det bør vurderast andre tiltak for å få talet på slike eigedomar raskare ned.

I januar 2019 vart det registrert inn ca.-grenser ut frå 749 skylddelingar inn i ei «kladdebase» som oversikt for seinare kvalitetshevingar på umålte tomter.

Elles er matrikkelen i Øystre Slidre svært bra. Vi manglar berre 13 av ca. 8 000 eigedomar i matrikkelkartet. Dette er nest best i Innlandet. Alle kommunale eigedomar er oppmålt. All offentleg veggrunn har målte grenser og offentleg veggrunn er matrikulert. Alle eigedomar ved kyrkjene er oppmålt og matrikulert. Alle bustadfelt er ferdig oppmålt. Alle dei 26 registrerte jordsameigene våre med interne grenser og andelar er kartfesta og registrert. Statsålmenningen med alle stølar har registrerte grenser.

Oppmålingsingeniøren er sterkt involvert i regionsamarbeidet på kartsida, og sit som representant for småkommunane i ei sentral faggruppe for matrikkelen i Noreg.

Kommunen er originaldatabasevert for det nasjonale kartsystemet AR5 eller «Areal og ressurskart»


11.4. Jordbruk

Generelt

Landbruk er ei langsiktig næring, og ein ser klart av ulike statistikkar at den generelle samfunnsutviklinga og landbrukspolitikken verkar over tid. Talet på produsentar går ned, men produksjonsvolumet held seg likevel bra oppe – eller aukar noko. Det skjer med andre ord ei betydeleg strukturrasjonalisering, stimulert av kraftige verkemiddel på tilskottssida, der dei største brukarne har vore vinnarane. Nasjonalt stirr landbruket og spesielt sauehaldet i 2018 med overproduksjon og sinkande avrekningsprisar. I Øystre Slidre er det spesielt storfekjøtproduksjonen som aukar i volum, frå 263 tonn i 2010 til 309 tonn i 2017 og 322 tonn i 2018.

Dette skuldast auke i ammekuproduksjonen, slik ein også ser nasjonalt. Det er grunn til å frykte at ein også her kan få problem med at det blir produsert for mykje.

Produsert mjølkemengde i Øystre Slidre har auka i fleire år, trass i ein reduksjon av talet på produsentar. No ser det ut til at denne trenden er snudd. Næringsprodusente 255 000 liter mindre mjølk i 2018 enn i 2015, men om lag det same som året før. Kommunen hadde 63 mjølkeprodusentar (geite-/kumjølk), mot 75 i 2011. Av desse var 56 kumjølkprodusentar og 7 geitemjølkprodusentar, der to har eigenforedlingskvote.

Figur 11-2 Mjølkeproduksjon ku i Valdres, utvikling 2010-18

Turkesommaren 2018



Årets vekstsesong vart svært sterkt prega av høg varme og manglende nedbør. Jamført med andre distrikt vart kommunen likevel ikkje så hardt råka. Delvis fordi vi fekk noko meir nedbør, men først og fremst gjennom husdyrnæringeras intensive bruk av kommunens store utmarksareal. Eit godt samarbeid i næringa og med nasjonal forvaltning gjorde at ein fekk på plass ordningar som i stor grad løyste forkrisa gjennom hausten og vinteren.

Tilskotsordningar av ulike slag kom på plass, og samla sett kjem vel husdyrhaldarane ut av dette utan store men. Ein såg også at utforminga av erstatningsordninga gav heilt urimelege utslag, og at enkeltbruk truleg kjem til å måtte vente lenge før ein får eit så godt økonomisk resultat som i år.

Samla utgjorde erstatningsordningane, inkludert ekstraordinært produksjonstilskot for husdyrhaldarane, 8,6 mill. kr for heile kommunen. 80 føretak fekk erstatning for avlingsskade.

Meirarbeidet med desse ordningane gav administrative utfordringar, som mellom anna gjorde at anna sakshandsaming måtte settast på vent.

Kommunestyret vedtok og ei eigen tilskotsordning for transport av rundballar med ei samla løyving på 600 000 kr, som vart fordelt på 45 sokjarar.

Figur 11-3 Produksjonsstruktur**Figur 11-4 Kjøtproduksjon Valdres, utvikling 2010-18**

Økonomi

Generelle økonomiske verkemiddel over jordbruksavtalen auka noko frå 2010/2011 (36,8 mill. og 213 000 per sokjar) fram til 2017 (38,5 mill. kr og 253 000 kr per sokjar) Dette har i 2018 stege ytterligare til 43,5 mill. kr fordelt på 151 sokjarar og 288 000 kr per sokjar.

Det er ein vekst i interessa for ammekyr. Dette er ei spanande utvikling, men det gjev òg ein del nye utfordingar med omsyn til arealbruken i utmarka.

Jordbruksarealet i kommunen som er i bruk er om lag som før; om lag 27 000 da. Det er stor etterspurnad etter leigejord i bygda. Kommunen har 6 500 daa jordbruksareal over 850 m. Av dette er 2 240 daa fulldyrka eller overflatedyrka mark. Desse areala er ikkje nytta optimalt i dag. Det er ikkje omdisponert dyrka mark i 2018.


Mykje av produksjonstilskota er knytt til ulik arealbruk. Produksjonstilskota er kraftige verkemiddel for å halde areala i hevd. Dei siste åra er det tilskota til dyrehald som har auka mest. Tilskota utgjer ein svært stor del av økonomien på gardsbruka.

Det er utbetalt kring 4,4 mill. kr etter tilskotsordninga "Regionalt miljøprogram", 1 mill. kr meir enn i 2017. Størstedelen går til tilskotsordningar knytt til stølsbruken. Næringa genererer ca. 48 mill. kr samla i ulike produksjons- og RMP-tilskot. (Ekstraordinære tilskot er ikkje tatt med).

Samla står næringa for ei betydeleg verdiskaping. Ut frå snittprisar i marknaden, samt leveransestatistikkar, gjev primærnæringane jordbruk og skogbruk ei samla verdiskaping på nærmere 115 mill. kroner.

Kommunen har i 4 år tilsett eit eige tilsyn i fjellet. Attendemeldingane frå næringa på dette tiltaket har vore svært positive. Tapa dei tre siste åra har heldigvis vore små for sauennæringa samla.

Figur 11-5 Verdiskaping i landbruket i Øystre Slidre



Den grafiske framstillinga over syner at landbruket står for ei stor verdiskaping. Landbruksnæringa har òg spesielt stor multiplikatoreffekt m.o.t. verdiskaping i andre næringar, då næringa etterspør mange ulike type varer og tenester i produksjonen, ofte lokalt eller regionalt.


Det er framleis ein god aktivitet på byggefronten i landbruket, og fleire diskuterer byggeplanar og finansiering med kommunen. I 2018 hadde vi to prosjekt som vart finansiert av BU-midlar. Det er svært gledeleg at det blir satsa på å fornye bygningsmassen innanfor landbruksnæringa, då denne næringa har stor betydning for sysselsetting og økonomi i kommunen. Likevel er fornyinga ikkje i tråd med kapitalslitet.

Strategiarbeid

Det har frå politisk hald og frå organisasjonane vore eit ønske om at ein saman med kommunen kunne sjå på korleis ein kan gripe an utviklinga for korleis ein lokalt kan bidra til å skape meir føreseielege rammer og ei meir attraktiv næring. Saman med representantar for faglaga har ein laga eit utkast, som kan bli eit tema når planstrategien skal reviderast til hausten.

11.5. Skogbruk

Figur 11-6 Utvikling i avverking og planting 1999-2018



Øystre Slidre ligg i eit marginalområde når det gjeld avstand til tømmerkrevjande industri, og transporten er baka inn i tømmerprisen. I 2018 har tømmerprisane auka betraktelig og har ført til ei auke i avverkinga frå 15 709 m³ i 2017 til 21 498 m³ i 2018, og det er nesten på nivå med 2016 då det vart avverka 23 405m³. Det vart i 2018 levert tømmer frå Øystre Slidre til ein samla bruttoverdi av 6,7 mill. kr og av dei vart 889 752 kr avsett til skogfond. Det er handsama fem saker angående hogst i verneskog. Det er liten lokal foredling av tømmer/skogbrukets råstoff, med unntak av det som går til bioenergi.

Fylkesmannen tildeler ein pott NMSK-tilskot (nærings- og miljøtiltak i skogbruket) til kvar kommune, og kommunane bestemmer tilskotsprosent og forvaltar tilskotet vidare. Regjeringa har auka tilskotspotten mellom anna til skogsvegar, medan tilskotet tilgjengeleg til skogkultur vart mindre.

I 2016 vart det i tillegg innført klimatilskott til tettare planting og til gjødsling av skog, begge desse tilskota vart vidareført i 2018. I 2015 vart valdreskommunane samde om felles tilskottssatsar (NMSK) for dei ulike skogkulturtiltaka (markberedning, planting, ungskogpleie). Grunnlaget for dette samarbeidet om tilskotsatsar var mellom anna å gjøre det enklare å gjennomføre det regionale tre-årige prosjektet "Skogkulturprosjektet i Valdres" som starta opp våren 2015. Det var gode resultat i prosjektet dei to første åra, men aktiviteten sank det siste året.

Det blei utbetalt 11 652 kr i NMSK-tilskot i 2018, mot ingenting i 2017, 87 562 kr i 2016 og 82 417 kr i 2015. Det blei utført avstandsregulering på totalt 74 daa fordelt på to skogeigarar i 2018, men ingen markberedning. Investeringsvilja hos skogeigerane til pleie av framtidsskogen er låg. Dette til trass for at alt tilseier at det er ved god ungskogpleie at skogeigerane skaper verdiar i framtidsskogen.

Ein viktig «biverknad» av samarbeidet mellom kommunane og jamlege faggruppemøte med skog som tema er at Valdreskommunane står fram som meir samla og difor har fått betre gjennomslag hos Fylkesmannen. Skogkulturprosjektet blei avslutta våren 2018, men det gode samarbeidet mellom kommunane held fram.


11.6. Viltforvaltning

Det vart utført elgbeitetakst i Øystre Slidre 2008, 2009 og 2016, og etter planen skal det utførast ny beitetakst igjen i 2019.

Takstmetoden som er nytta er overvakingstakst, utarbeida av Solbraa. I dei registrerte bestandane var det hard beiting på furu, og beiting av ROS (Rogn, Osp, Selje) like i overkant av den anbefalte grensa for overbeiting. Resultata viser på at det er betydelige avgrensingar i tilgangen til vinterføde i dei takserte bestandane.

Både takseringane og det visuelle inntrykket i felt tyder på at det for vinterbestanden av elg er mangel på gode beitbare planter i dei takserte bestandane.


Figur 11-7 Beitegrad



Figur 11-7 Beitegraden blir oppgitt i prosent. Beitegraden talfestar kor stor del av dei nye skota som vart beita sist vinter. Det er vanlig å rekne at plantene toler ein gjennomsnittleg beitegrad på 35 % utan at produksjonsevna blir redusert.

Beitegraden blir oppgitt i prosent og talfestar kor stor del av dei nye skota som vart beita sist vinter. Det er vanlig å regne at plantene toler ein gjennomsnittleg beitegrad på 35 % utan at produksjonsevna blir redusert. 35 % er difor sett som grense for overbeiting.

Samanlikna med resultata frå 2008 og 2009 viser resultata ein auke i beitepresset frå elg i 2016. Dersom denne overbeitinga held fram, kan det i verste fall øydelegg naturgrunnlaget for elgen, og etter kvart påverke kondisjon, slaktevekter og fertilitet, også med store problem for ei tilfredsstillande forynging av skogen. Resultata frå elgbeitetaksten kan ein sjå i samanheng med grafen nedanfor som tydeleg viser at bestandsveksten for elg er større enn uttaket dei siste åra.


Figur 11-8 Felt elg

Begge grafane viser at bestandsveksen er markert større enn jaktuttaket.

Talet på felt elg har dei siste 5 åra vore mellom 90 og 119 dyr, og målsettinga for elgforvaltinga i kommunen er ei stamme som står i høve til beiteressursane, med ei årleg avskyting på rundt 100 elg. I 2018 var det lagt opp til felling av 140 elg for å stanse veksten i elgbestanden. På grunn av ein tøff vinter i 2017/18 der fleir dyr enn normalt døyde i løpet av vinteren, og færre kyr fekk kalv, blei planane justerte før jaktstart. Av 146 tildelte dyr blei det felt 119 stk.

Fellingsresultatet for hjort har minka tilbake til 2016-nivå med 18 felte dyr. Frå 2013 til 2014 var det nesten ei dobling i avskytinga av hjort, og ei ytterlegare dobling frå 2015 til 2017. Dette kjem i tillegg til at bestanden av hjort har auka og at bestandsplanen for elg og hjort som vart godkjent i 2014 opnar for meir fleksibel avskyting. I 2017 og 2018 vart det lagt opp til ei endå friare avskyting av hjort i form av at kvotene til jaktfeltha vart tildelt som frie dyr. Endringa vart gjort for å forsøke å auke avskytinga og interessa for hjortejakt. Dette ser foreløpig ut til å vere ei vellykka endring.

For rådyr er fellingsresultatet i 2018 noko usikkert, då det er fleire vald som ikkje har levert fellingsrapport. I tillegg kjem svingingar i rådyrbestanden som fylje av snøtilhøva det enkelte år, og predasjonstrykk frå mellom anna rev og gaupe.

Figur 11-9 Felte rådyr og hjort

12. Kraftforvaltning

Kraftforvaltinga i 2018

Kraftforvaltinga i kommunen blir gjennomført i samsvar med vedtak i kommunestyresak 43/13, der strategien for kraftforvaltinga for perioden vart fastsett.

I perioden 1.1.2014 til 31.12.2018 har det vore Axpo Nordic A/S som har forvalta krafta. Frå og med 1.1.2019 er det Ishavskraft A/S som er kommunen sin forvaltar.

Økonomisk resultat 2018


2018 vart eit særskilt godt år m.o.t. salsinntekter i kraftforvaltninga. Netto overskott innan kraftforvaltinga inkl. utbytte frå Eidsiva Energi A/S og Valdres Energiverk A/S var på om lag 20 mill. kr.

Kommunen disponerer ei kraftmengde på om lag 54,5 GWh. Av konsesjonskrafta og andelskrafta vart 52,4 GWh selv på kraftbørsen. Kraftproduksjonen på Skoltefoss kraftstasjon utgjorde i 2018 2,5 GWh, som i sin heilhet vart selt på kraftmarknaden. Resterande del av kommunekrafta vart brukta i eigne kommunale bygg.

Oppnådd kraftpris kWh på årsbasis for 2018 vart på 42,8 øre mot 27,5 øre for 2017.

Kommunen selde all krafta på spotmarknaden i 2018.

Figur 12-1 Samanlikning omsetning i kraftforvaltninga 2013-2018



13. Finansforvaltning

Kommunen har per 31.12.2018 alle midlane plassert i bankinnskot på vilkår fastsett i rammeavtale med banken.

Likviditeten til kommunen er god.

Kommunen har hatt ein klar politikk på å ha flytande rente på storparten av lånemassen. Over tid vert renta da lågare, og kommunen sin økonomi har så langt vore robust nok til å takle svingingane.

Tabell 13-1 Økonomisk oversikt - finansområdet

	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Rekneskap 2017
Renteinntekter ¹	-4 278 613	-2 890 000	-3 308 442
Utbytte	-1 777 578	-2 170 000	-2 209 759
Kursgevinstar	0	0	0
Andre finansinntekter	-10 000	-130 000	-45 116
Sum finansinntekter	-6 066 191	-5 190 000	-5 563 317
Renteutgifter	3 607 064	4 875 000	2 965 388
Avdrag	11 792 790	10 500 000	9 300 780
Kurstab	24 000		
Sum finansutgifter	15 423 854	15 375 000	12 266 168
Netto utg finans	9 357 663	10 185 000	6 702 851

Tabell 13-2 Rentebererande omløpsmiddel

	Saldo pr 31.12.18	Avkastning
Sparebank 1 Hallingdal Valdres	107,8 mill	1,65 %
Valdres Energiverk	20,0 mill	6,70 %
Eidsiva Energi	4,9 mill	7,00 %

¹ inkl. 926 487 kr i renter/overkurs i samband med emisjon i Eidsiva Energi A/S. Dette var ikkje budsjettert i 2018

14. Årsmelding for Omsorgsfondet 2018

Heimel

I medhald av vedtekten for fondet skal det utarbeidast årsmelding om forvaltning av omsorgsfondet.

Utvikling av fondskapitalen

Tabell 14-1 Omsorgsfondet - utvikling av fondskapitalen 2016-17

Beløp	
Saldo 01.01.2018	1 724 935
Renter 2018	27 526
Bruk av fondet	0
Saldo 31.12.2018	1 752 461

Den urørlege kapitalen til fondet er på 1 500 000 kr.

Bruk av omsorgsfondet

Det er ikkje brukt midlar frå omsorgsfondet i 2018.

Plassering av omsorgsfondet

Omsorgsfondet er plassert i Sparebank 1 Hallingdal Valdres på vilkår som følgjer av særskilt avtale mellom kommunen og banken.

Andre gavemiddel

I tillegg til omsorgsfondet er det per 31.12.2018 i årsrekneskapen oppført 416 480 kr i gavemiddel (bundne driftsfond). I 2018 fekk kommunen 83 696 kr i gåver, medan det vart gjort bruk av 167 650 kr av gavemidlane.

På slutten av 2018 fekk Øystre Slidre kommune ei testamentarisk gave som inneholdt eit pengebeløp og ein eigedom. Pengesummen utgjorde 4,27 mill. kr og eigedomen er per 31.12.2018 bokført med ein verdi på 2 mill. kr.

15. Valdres-GIS – vertskommune Vang kommune

Valdres-GIS (VGIS) er eit interkommunalt samarbeid om geodata og GIS-løysingar for Etnedal, Sør-Aurdal, Nord-Aurdal, Vestre Slidre, Øystre Slidre og Vang kommunar, med Vang som vertskommune for samarbeidet. For å styrke samarbeidet både fagleg og regionalt er det i tillegg etablert samarbeid med: Kartverket Hamar, Valdres Kommunale Renovasjon, Valdres Energi, Vang Energiverk, Sør-Aurdal Energi og VOKKS.

VGIS inneber i mindre grad enn andre vertskommunesamarbeid at vertskommunen tek over forvaltningsoppgåver for dei andre kommunane. Innanfor VGIS vil forvaltningsoppgåver og tenesteproduksjon i dei seks Valdreskommunane normalt bli utført i den einskilde kommunen, men innanfor ramma av vertskommunesamarbeidet kan anna arbeidsfordeling avtalast. Det er tilsett ein GIS-konsulent i 100 % fast stilling i samarbeidet.

Vertskommunen har arbeidsgjevaransvar og er kontorstad for GIS-konsulenten og økonomiansvar for VGIS.

GIS-konsulenten har ansvaret for å vere bindeledd mellom kommunane, fagområda i kommunane, IKT-Valdres, Kartverket og NOIS-brukarforum (brukarforum for GIS-samarbeid i Hedmark og Oppland som har GIS-verktøy frå Norconsult).

I tillegg har GIS-konsulenten blant anna ansvar for:

- At programvareplattforma til ei kvar tid er oppdatert.
- Innhaldet og vedlikehaldsrutinar på kartserverane, synkronisering mot internettkartet og utskifting av basar etter Kartverkets ajourhaldsrutinar.
- Opplæring/kursing av nye kartbrukarar samt syte for at eksisterande brukarar innehavar tilstrekkeleg kompetanse.
- Bistå brukarar ved behov.
- Syte for at kartsamarbeidet fungerer nokolunde knirkefritt.

15.1.1. Heilskapleg vurdering

VGIS har vore formalisert som eit interkommunalt geodatasamarbeid i snart fem år, med ein GIS-konsulent i 100 % stilling (frå 1. juni 2012). GIS-konsulenten utfører forvaltningsoppgåver for alle kommunane, i tillegg til spesialiserte oppgåver etter behov i den enkelte kommune. Kartbrukarane i Valdreskommunane er fagleg svært dyktige og veldig engasjerte innanfor dei respektive områda sine. Mange av brukarane har eit bra teknisk nivå i forhold til kartverktøyet. Dei siste åra har det vore ein del utskifting av personell med fylgjene at opplæring og rutinebeskrivingar fortsatt står i fokus.

VGIS har take i bruk sentral lagring av FKB-data og Geosynkronisering av plandata i 2018. Dette er to nasjonale prosjekt som skal sikre oppdaterte grunnkart og betre tilgang til plandata på tvers av etatar og brukarinteresser. At VGIS implementerer dette understrekar at me er der me skal vere ved å ta i bruk framtidsretta teknologiske løysingar som aukar bruken og nytta av data me forvaltar.

15.1.2. Sentrale hendingar og aktivitetar

- Innføring av sentral lagring av kartdata (SFKB) og tilretteleggingane det innebar: Alle FKB-kartdata (kartdata som inngår i grunnkartet; bygg, tiltak, veg, høgdekurver osb.) blir frå no av lagra i ei sentral database som sikrar oppdaterte kart «over natta» mot to gonger i året tidlegare.

- Innføring av Geosynch-plan: Vedtekne planar blir synkronisert frå våre kartdatabasar til ei felle database hjå Kartverket.
- Opplæring i SFKB og endringar av rutinar for føring.
- Endring av rutinar for føring av nye bygg på dyrka mark (full-, overflatedyrka og innmarksbeite).
- Kursing av arealplanleggarar.
- Innføring/opplæring i kartsistema med ny-tilsette.

15.1.3. Resultat og avvik

Tabell 15-1 Økonomisk resultat. Avvik mellom rekneskap og budsjett (negative tal er mindreforbruk). Tall i 1000 kr.

	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Avvik, kr
10 Lønnskostnader, netto	732	775	-43
11 Andre driftsutgifter	1 914	2 196	-282
12 Utstyr, vedlikehald m.m.	76	85	-9
13 Kjøp av tenester	7	7	0
14 Overføringsutgifter	488	570	-82
15 Finansutgifter			
Sum utgifter	3 217	3 633	-416
10 Lønnskostnader, netto			
16 Sal- og leigeinntekter			
17 Refusjonsinntekter	-3 097	-3 633	536
18 Tilskot frå stat og kommunar	-120		120
19 Finansinntekter			
Sum inntekter	-3 217	-3 633	-416
Netto	0	0	

Årsverk: VGIS har eitt årsverk.

Inntektene er lågare enn budsjetterte som fylgte av mindre utgifter enn budsjettert. GIS-samarbeidet skal gå i o og kostandane refunderast av Kartverket som fører rekneskap for GIS-samarbeidet (jf. vedtekten til VGIS). GIS-konsulenten har jobba redusert heile 2018 pga. sjukdom, derfor avviket i lønnskostnadene. Underforbruk i 'Andre driftsutgifter' skuldast innkjøp av programvare som ikkje vart gjennomført (Mobil OppmålingsDialog) då programvareleverandør ikkje var ferdig med utvikling og ikkje kunne levere eit tilfredsstillande produkt. Kontogruppe 18; VGIS-samarbeidet er tildelt 120 000 i stønad frå Norge Digitalt samarbeidet for innføring av Geosynkronisering av plandata.

Frå tildelingsbrevet:

Norge digitalt plansatsing 2018–2020 skal bidra til å gi Norge digitalt-parter til enhver tid oppdaterte plandata gjennom Norge digitalt arealplanløsning, i tillegg til vedtatte planer - også planer på høring og planområder i forbindelse med at planlegging er igangsatt.

Norge digitalt ønsker at geosynkroniseringsmekanismen blir tatt i bruk som verktøy i deling av geografiske datasett. Gjennom plansatsingen vil det bli gitt støtte til oppsett og drift av geosynkronisering av plandata for prioriterte kommuner.

Kommunen inngår i et kommunesamarbeid med felles infrastruktur for forvaltning av planer. Kommunen faller inn under prioriterte kommuner som kan få støtte fra Norge digitalt i perioden 2018–2020.

15.1.4. Utfordringar og strategiar framover

- Den seinare tida har det vore ein diskusjon om det skal gjennomførast ein evaluering og gjennomgang av kartsistema som kan danne grunnlag for ei eventuell ny

anbodsrunde. Dette arbeidet vert take opp att når GIS-konsulenten er tilbake i 100 % stilling. Erfaringar frå tilsvarende prosessar i andre regionale kartsamarbeid tilseier at det må settas av øyremerka ressursar til førebuing og gjennomføring av ei eventuell anbodsrunde.

- Fortsatt halde fokus på å betre stabilitet og driftssituasjon for kartsystema.
- Oppretthalde trykket på leverandørar med å levere gode produkt som er til hjelp og effektiviserer arbeidskvardagen til kartbrukarane.
- Digital PlanDialog og planregister: Motivere kommunane til å koma ajour med det digitale planregisteret (revidert kart- og planforskrift krev innlevering av årsversjonar av planregisteret). Særleg fokus på registrering av dispensasjonar og mindre endringar.
- Førebuing av fylkesreforma. Fylkesreforma fører til at alle påverka kommunar får nye kommunenummer, som må endrast i alt av databaser, tilkoplingar, synkronisering- og abonnementstenester og liknande. Dette kjem til å bli eit omfattande prosjekt, både i tid og kostnar. Dette kan blir såpass omfattande og inkludere så stor del av dei kommunale fagsystema at IKT-Valdres kanskje burde hatt ei prosjektleiande rolle inn mot denne reforma?
- Kartsystema kommuniserer og synkroniserer data gjennom fleire ulike integrasjonar (både standardiserte og «heimelagde») mot ulike fagsystem. Framover vil det sannsynlegvis bli fleire og fleire av desse integrasjonane. Det er ein utfordring å involvere «breitt» nok innanfor organisasjonane når nye integrasjonar skal vurderast, implementerast og eller endrast. Her har alle systemansvarlege ei viktig rolle ved å involvere andre systemansvarlege som kan vere tenelege å inkludere i prosessane.

16. Innkjøp - vertskommune Sør-Aurdal kommune

16.1. Helhetsvurdering

Det eksisterer en fireårig strategiplan og årlige handlingsplaner for innkjøp. Disse er viktige styringsdokumenter som også gjelder for kommunene. Det arbeides i fellesskap for å nå målsettinger.

Det vurderes å være et forbedringspotensial vedrørende innkjøp i den enkelte kommune; herunder blant annet vedrørende (sentral) kompetanse, innkjøpsledelse, organisering, kjøp på rammeavtaler og oppfølging av avtaler/kontrakter. Det er alltid penger å spare.

Det er utfordrende og sårbart med bare ett årsverk i felles innkjøpsordning.

16.2. Sentrale hendelser og aktiviteter

Innkjøpskoordinatorens hovedoppgaver er:

- Sørge for den daglige drift og utvikling av den interkommunale innkjøpstjenesten
- Være leder og saksbehandler i felles anskaffelsesprosesser på vare-/tjenesteområder
- Være rådgiver/yte bistand for kommunene.

Året har gått med til anbudsprosesser/kontraktsoppfølging, rådgivning/bistand og forsikringsarbeid.

Innkjøpskoordinatoren sitter i styringsgruppa for det kommunale nettverket innen forsikring, benevnt Kommunalt Forsikringsfellesskap (KFF = 31 kommuner og 1 fylkeskommune). Det vises til egen årsrapport for forsikringssamarbeidet.

Innkjøpskoordinatoren har deltatt på fagseminar/årsmøte i regi av KS Innkjøpsforum (kommunesektorens innkjøpsforum - KSI) og to KIFHO-seminarer (Kommunalt Innkjøpsforum Hedmark-Oppland).

I 2018 er det arbeidet med anskaffelser/avtaler og/eller kontraktsoppfølging på følgende vare- og tjenesteområder:

Tabell 16-1 Anskaffelser, avtaler og kontraktsoppfølging 2018

Vare-/tjenesteområder	Type arbeid mm	Besparelser/bespare Isespotensial	Ca kjøpsvolum årlig
Medisinsk forbruksmateriell/Inkontinensprodukter	Anbudsprosess, avtale inngått med 1 leverandør		Ca 3,0 mill. kr
Matvareavtaler (5 stk)	Anbudsprosess, avtaler inngått med 5 leverandører		Ca 10 mill. kr
Tjenestebiler (leasing/kjøp)	Prosess med vurdering og utarbeiding av maler for mini-konkurranser		
Vikartjenester innen helse/omsorg	Anbudsprosess, avtaler med 5 leverandører		Ca 2 mill. kr
BPA	Start anbudsprosess/arbeid med BPA		
Bredbånd	Startet anbudsprosess/arbeid (med VNK)		
Kontor-, skole- og datarekvisita	Noe kontraktsoppfølging. Anbudsprosess måtte forskyves/utsettes pga tidsmangel		Ca 1,3 mill. kr
Vaskeriavtalen for NAK	Anbudsprosess måtte forskyves/utsettes pga tidsmangel		

Juridiske tjenester barnevern	Kontraktsoppfølging; Evaluering og forlenging av avtale med 1 leverandør ihht opsjon		
Lyskilder, batterier og el- materiell	Forlenging av fylkesavtale med 1 leverandør ihht opsjon		
Alkoholkontroll mm	Kontraktsoppfølging; Evaluering og forlenging av avtale med 1 leverandør ihht opsjon	Ca 100 000 kr pr år	
Renholdsprodukter, papir, plast	Kontraktsoppfølging, statusmøte	500 000 kr	Ca 2,2 mill. kr
Legemidler	Kontraktsoppfølging; Evaluering og forlenging av avtale med 1 leverandør ihht opsjon	10-15 % ?	Ca 2,8 mill. kr
Forsikring	Konkurranse foretatt høsten 2018 vedrørende el-kontroll/termografering. Ellers løpende arbeid og deltagelse i KFF. Se egen årsrapport.	Besparelse ca 1,3 millioner for 2018, se egen årsrapport	Ca 4,8 mill. kr, herav ca kr 2,0 mill vedr. personal

Det er i tillegg utført sporadisk bistand, råd og veiledning gjennom året vedrørende ulike avtaler og enkeltanskaffelser i kommunene.

Oppdatering av status (saker) vedrørende e-handel, eventuell (ekstra) innkjøpsressurs og konkurransegjennomføringsverktøy (kgv) er fremlagt.

Interkommunale/regionale instanser og kirkelige fellesråd blir gitt mulighet til å delta på innkjøpsavtaler på aktuelle vare-/tjenesteområder.

16.3. Resultat og avvik

En har stort sett kommet igjennom de felles anbudsprosesser og oppgaver som var planlagt, men er på etterskudd med felles prosess vedrørende kontorrekvisita mv og vaskeriavtale for Nord-Aurdal. Det har ikke vært tid til eventuelle nye felles avtaleområder ut over de pågående prosesser/prosjekter og eksisterende avtaler som krever oppfølging og fornyelse.

Bredbåndsprosess kom/kommer i tillegg til andre gjøremål. Det kan vises til handlingsplanen for innkjøp, som for innkjøpskoordinatorens del stort sett er oppfylt. Her påhviler det også hver kommune et ansvar.

Tabell 16-2 Økonomisk resultat. Avvik mellom (revidert) budsjett og rekneskap (negativt tall under avvik vedr. utgifter er merforbruk). Tall i 1000 kr.

	Budsjett	Rekneskap	Avvik, kr	Avvik, %
10 Lønnskostn., pensjon, ag.avgift mm	747	769	-22	
11 Andre driftsutgifter	66	49	17	
12 Utstyr, vedlikehold m.m.	2	0	2	
13 Kjøp av tjenester	3	3	0	
14 Overføringsutgifter	3	2	1	
15 Finansutgifter	0	0	0	
Sum utgifter	821	823	-2	0,2
16 Salgs- og leieinntekter	0	0	0	
17 Refusjonsinntekter	-821	-823	2	
18 Tilskudd fra stat og kommuner	0	0	0	
19 Finansinntekter	0	0	0	
Sum inntekter	-821	-823	2	0,2
Netto	0	0	0	

Eventuelle (større) avvik blir på forhånd signalisert og evt drøftet/klarlagt med styreleder (rådmannen i Sør-Aurdal). Det er naturlig å se tjenesteområdene Innkjøp Valdres og FOKVA

(forsikring) i sammenheng vedrørende utgifter/økonomi, da innkjøpskoordinatoren driver begge tjenesteområdene.

Årsverk: 1,0.

Den interkommunale innkjøpsordningen består av 1,0 årsverk. Det har vært slik i 16 år. Årsverket går i hovedsak med til å arbeide med felles anbudsprosesser, avtaleoppfølging og rådgivning/bistand, samt særskilte prosjekter. Felles forsikringsarbeid inngår også i dette årsverket. Man er avhengig av delaktighet fra den enkelte kommune, særlig i form av deltagelse i fag-/bruksgrupper. Hvor mye personalressurser den enkelte kommune bruker på innkjøp, både internt og interkommunalt, vites ikke.

Nytt/Fremover/Utfordringer

Kommunene var pliktige til å ta i bruk elektronisk konkurransegjennomføringsverktøy (KGV) fra 1.7.2018. Det ble ikke gjort, men er fra februar 2019 gjennomført som en midlertidig ordning gjennom IKT Valdres IKS. Eventuelt e-handelsprosjekt og system (?) (2019?) (påhviler økonomilederforum, IKT Valdres og RU).

17. Forsikringsordningen for kommunene i Valdres (FOKVA)

17.1. Helhetsvurdering

Forsikringssamarbeidet drives i praksis av innkjøpskoordinatoren (leder) og en forsikringsansvarlig fra hver kommune som sammen utgjør forsikringsutvalget (FU). Samarbeidet fungerer godt, både internt og mot leverandørene.

FOKVA har stor nytte av forsikringssamarbeidet i det kommunale nettverket benevnt Kommunalt Forsikringsfellesskap (KFF = 31 kommuner og 1 fylkeskommune).

Arbeid med (overordnet) forsikringspolicy/-strategi og øvrige aktiviteter foregår i samarbeid med KFF. Strategivurderinger og avklaringer gjøres i FU, eventuelt også i styret (rådmennene). Samarbeidet anses å ha en god arbeidsdeling.

17.2. Sentrale hendelser og aktiviteter

Forsikringsordningens formål er å ivareta forskjellige oppgaver av felles interesse i sammenheng med forsikringsavtalene:

- Anskaffelser/anbud, herunder å planlegge og gjennomføre kjøp av forsikringstjenester
- Administrere og samordne bestillings- og fornyelsesprosesser
- Avtaleforvaltning, det vil si å foreta evaluering og oppfølging av forsikringskontraktene
- Rådgivning mot egen organisasjon
- Kompetanse tiltak
- Skadeforebyggende tiltak/riskostyringstiltak.

Kommunene søker å oppnå følgende fordeler gjennom ordningen:

- Lave driftskostnader (unngå parallelarbeid, felles utnyttelse av eventuelle eksterne ressurser)
- Gode betingelser (storkjøp gir lave priser og storkundeløsninger på produkter og service)
- Kompetanse (bredere kompetansemiljø, felles strategiutvikling).

